

# Kommunedelplan for skuleanlegg - skulebruksplan



STORD  
KOMMUNE

kristorbyen



Stord kommune 2019-2027

## Innhald

<b>1 Innleiing</b> .....	<b>5</b>
1.1 Føremål og bakgrunn for revidering .....	5
1.2 Prosess og involvering.....	7
<b>2 Kartlegging av barneskuleanlegg i Stord og rammer for opplæringa</b> .....	<b>9</b>
2.1 Endringar sidan skulebruksplan 2012 – 2020 .....	9
2.2 Kommunen sine grunnskuleanlegg per i dag.....	10
2.3 Fysisk utforming av skuleanlegg og skuledrift .....	11
2.4 Tilpassa opplæring .....	13
2.4.1 Universell utforming .....	13
2.4.2 Teiknspråk .....	14
2.4.3 Innføringsklasse.....	14
2.4.4 Spesialundervisning .....	14
2.5 Uteområde .....	14
2.6 Skulefritidsordning (SFO) .....	16
2.7 Skuleveg.....	16
2.8 Skulen som møteplass og kulturarena i nærmiljøet.....	18
2.10 Skulestorleik og kvalitet .....	18
2.11 Andre undervisningstilbod.....	19
2.11.1 Stord vaksenopplæring.....	19
2.11.2 Stord kulturskule.....	19
2.11.3 Friskular .....	20
2.12 Overordna rammer for skuledrift.....	20
2.13 Generelt om kringsgrenser .....	22
2.14 Generelt om kapasitetsvurdering grunnskular .....	23
2.15 Kostnadar skuledrift Stord kommune .....	24
2.15.1 Drift.....	24
2.15.2 Vedlikehald av skulebygg.....	27
2.15.3 Skuleskyss .....	28
2.16 Generelt om handsaming saker om nedlegging og/eller endring i kringsgrenser .....	29
<b>3 Prognosar for elevtalsutvikling</b> .....	<b>30</b>
3.1 Framskrivning elevtal - alle grunnskulane.....	32
3.2 Framskrivning elevtal - enkeltskular .....	33
3.2.1 Hystad skule .....	34
3.2.2 Rommetveit skule .....	34

3.2.3 Tjødnalio skule .....	35
3.2.4 Litlabø skule.....	36
3.2.5 Sagvåg skule .....	36
3.2.6 Langeland skule.....	37
3.2.7 Leirvik skule .....	37
3.2.8 Nordbygdo ungdomsskule.....	38
3.2.9 Nysæter ungdomsskule .....	38
3.2.10 Stord ungdomsskule .....	39
<b>4 Vurderingstema .....</b>	<b>40</b>
4.1 Skulestruktur barnetrinn.....	40
4.1.1 Økonomiske konsekvensar av endra grunnskulestruktur.....	41
4.1.2 Konsekvensar av endra skulestruktur for elevar og nærmiljø .....	42
4.1.3 Konsekvensar av endra skulestruktur for tilsette og arbeidsmiljø .....	43
4.1.4 Konsekvensar for folkehelse.....	43
4.1.5 Konsekvensar for klima og miljø .....	44
4.1.6 Moglege løysingar for dei tre skulekrinsane .....	44
4.2 Kringsgrenser og nærskuleprinsippet .....	48
4.2.1 Kringsgrense mellom Langeland skule og Tjødnalio skule.....	48
4.2.2 Kringsgrenser i område Sagvåg .....	49
4.2.3 Kringsgrense i område Nordbygdo .....	49
4.3 Vedlikehald og utbetring bygningar .....	51
4.4 Utbetring uteareal.....	52
4.5 Skuleveg .....	53
4.6 Parkering ved skulane .....	54
4.7 Teiknspråksskular .....	54
4.8 Tomter tiltenkt skule.....	55
4.9 Retningsliner for skulestorleik .....	55
<b>Kjelder .....</b>	<b>57</b>
<b>Vedlegg.....</b>	<b>58</b>

Alle foto: Sagvåg skule

Stord kommunestyre vedtok denne planen 17.12.2020 i sak PS 91/20:

### **Vedtak**

Kommunestyret vedtek Kommunedelplan for skuleanlegg slik den ligg føre med følgjande tillegg:

I punkt om Klimastrategi på s. 21 i planen tek me inn setning frå punkt 2.9 som følger: Det er viktig at det ved større offentlege byggprosjekt blir valt berekraftige og robuste løysingar. God utnytting av areal i bygg, også ved sambruk og fellesløysingar, klimaeffektiv materialbruk og energiproduksjon integrert i bygget er døme på ønska tiltak innanfor reduksjon av utslepp for bygg.

### **Handsaming**

Samrøystes vedteke

\* \* \*

John Tonnessen (MDG) kom med framlegg om tillegg, slik det ligg føre i vedtak:

\* \* \*

Øyvind Kyvik (H) kom med følgjande tillegg som fall:

Kommunestyret løyver kr 200 000 over investeringsbudsjettet til ein forstudie for framtidig skulestruktur i bydel Sagvåg/Litlabø. Rådmannen får i oppdrag å leggja forstudien fram for utval for oppvekst og kultur i forkant av handsaming av budsjettet for 2021. Kommunestyret vil ta stilling til finansiering av forstudien i samband med budsjettrevisjon for andre tertial.

Framlegget fekk 6 røyster (H)

John Tonnessen (MDG) kom med framlegg til eit nytt pkt. som fall:

Rådmannen legger fram sak til kommunestyret i løpet av første halvdel av 2021 der skulenes reelle vedlikehaldskostnadar slik at dei kan haldast i god stand blir gjort tydeleg.

Framlegget fekk 1 røyst (MDG)

## 1 Innleiing

Stord skal ha gode og likeverdige skuletilbod som fremjar helse, trivsel og utvikling for den einskilde og medverkar til berekraftige og attraktive nærmiljø. Kommunedelplan for skuleanlegg skal bidra til at denne målsettinga blir nådd.

Kommunane har ansvar for grunnskuleopplæringa og skal sørge for tenlege grunnskular. Planlegging og utvikling av skuleanlegga må vera i samsvar med gjeldande og framtidige læreplanar. Skulestrukturen må gi rom for læringsarenaer med breitt utval av faglege aktivitetar med rom for tilpassa undervisning og tilrettelegging. Samstundes som ein skal sikra eit forsvarleg skuletilbod for elevane og best mogleg kvalitet innan gitte rammer, skal ein sikra godt arbeidsmiljø for dei tilsette og god utnytting av anlegga.

Kommunedelplan for skuleanlegg skal syta for ei planstyrt utvikling av skuleanlegga i Stord kommune. Planen er utarbeidd som ein kommunedelplan etter plan- og bygningslova § 11-1 og skal vera i samsvar med føresetnadane i kommuneplanen.

Skulebruksplanen vert omtala i kommunal planstrategi for Stord kommune 2016-2020 (side 18):

### «6. Sektorane si verksemd

#### 6.1 Oppvekst og utdanning

Status, utvikling og utfordringar

Barnehage

Kommunedelplan barnehage 2015 – 2025 vart vedteken 19.03.2015. Det vert per i dag arbeid med oppfølging av kommunedelplanen der mellom anna plassering av ein ny barnehage i område Sagvåg skal drøftast. Politikarane har lagt føring på at han skal plasserast i oppvekstområde Sagvåg/Litlabø.

Skule

Kommunedelplan skule 2012 – 2020 (skulebruksplanen) vart vedteken 23.01.2013. Det vert i dag arbeid med oppfølging av skulebruksplanen ved m.a. bygging av ny Stord ungdomsskule og vurdering av kva som skal skje med Nysæter ungdomsskule.

Det er ikkje lagt opp til revisjon av barnehageplanen eller skulebruksplanen i neste planstrategiperiode, men temaet oppvekst og utdanning i samfunnsdelen i kommuneplanen vil verta oppdatert og revidert som del av kommuneplanarbeidet.»

Stord kommunestyre vedtok 23.11.2017, i samband med sak om budsjett for 2018 og økonomiplan 2018-2021 i «Verbalpunkt A», at skulebruksplanen skulle rullerast:

«Kommunestyret ber rådmannen om å fremja sak om rulling av skulebruksplanen med særleg fokus på å få til varige løysingar og kringsgrenser for barneskulane. Framtidig løysing for Langeland skulekrins der elevane aust for E39 tilhøyrer oppvekstområde sentrum skal leggest fram. OUT skal fastsetja endeleg omfang for rullinga av planen.»

### 1.1 Føremål og bakgrunn for revidering

Planen byggjer på vedteke planprogram for kommunedelplan for skuleanlegg og forstudien om utviding av skulekapasiteten i sentrum. Skulebruksplanen skal i følgje planprogrammet gi ei oppdatert oversikt over skuleanlegga i Stord kommune, greia ut kva endringar som bør gjerast, og vurdere kva konsekvensar desse endringane vil gi. Vurderinga skal vera basert på beste praksis for skuleanlegg i Noreg<sup>1</sup>. Skulane skal vera gode læringsmiljø for elevane og fungera som arbeidsplassar for lærarane, samt vera lokale for frivillige organisasjonar og møteplassar for nærmiljøet.

---

<sup>1</sup> Utdanningsdirektoratet/Fysisk læringsmiljø. *Barnehage- og skolestruktur*.  
<http://www.skoleanlegg.utdanningsdirektoratet.no/barnehage-og-skolestruktur>

Målsettinga i planprogrammet for arbeidet med planen er å gi ei heilskapleg oversikt der ein ser ulike omsyn i samanheng. Utgreiinga i planen skal syna ulike løysingar til skulestruktur og kringsgrenser, og framtidig drift av skuleanlegga skal vera i tråd med kommunen sitt inntektsgrunnlag. Ein driftseffektiv og rasjonell skulestruktur må difor liggja til grunn, slik at ein i komande år har høve til å setja av ressursar til innhald og pedagogisk arbeid i grunnskulen.

#### Driftseffektiv og rasjonell skulestruktur

Dei siste åra er det gjort store investeringar innan skulesektoren i Stord kommune, og det skal brukast store ressursar på skuleanlegg dei neste åra. Planprogrammet la til grunn ny elevtalsprognose for kommunen og dei ulike skulekrinsane, og tiltak tilpassa skuleanlegga må drøftast i høve elevtalsprognosane.

Kommunedelplan for skuleanlegg skal vurdere tilstanden til eksisterande skuleanlegg og trongen for utbetringar. I tillegg skal planen vurdere kva potensiale som ligg for utviding ved eksisterande skuleanlegg, trongen for endringar i skulestrukturen og nye skuleanlegg. Bakgrunnen for denne vurderinga er kunnskap om kva som utgjør gode skuleanlegg i tillegg til folketalsutvikling og utbyggingsmønster i kommunen.

#### Varige løysingar og kringsgrenser for barneskulane

Skulekrinsane er definerte ut frå kapasiteten ved den einskilde skule og opplæringslova sitt prinsipp om eleven sin nærskule. Planen vil greia ut om det er hensiktsmessig med endringar i kringsgrensene basert på folketalsframskrivingar og framlegg til utvikling av skuleanlegga. Kommunestyret har lagt ein premiss for dette arbeidet i sitt vedtak om at elevane aust for E39 i ei framtidig løysing for Langeland skulekrins høyrer til oppvekstområde sentrum. Komité for oppvekst og utdanning bad samstundes i sitt vedtak i PS 16/18 den 13.11.18 om at ein og gjer ei vurdering av ei anna regulering av kringsgrensene, jamfør:

«Komité for oppvekst og utdanning vedtek planprogram for kommunedelplan for skuleanlegg – skulebruksplan – med endringar etter offentleg ettersyn som framlagt.

Komiteen ynskjer at ein i planprogrammet også vurderer konsekvensane av ei anna regulering av grensene for opptaksområda mellom Langeland og Tjødnalio enn E39.»

#### Forstudie – utviding av skulekapasiteten i sentrum

Kommunedelplan for skuleanlegg skal byggja på forstudien av sentrumsskulane og kommunestyret si tilråding for vidare arbeid.

Komité for oppvekst og utdanning vedtok den 13.11.18, i sak PS 15/18 *Forstudie – utviding av skulekapasiteten i sentrum*:

1. Komité for oppvekst og utdanning vedtek Forstudie – utviding av skulekapasiteten i sentrum.
2. Komiteen støttar tilrådingane frå forstudien.
3. Forstudien blir lagt som grunnlagsmateriale i revideringa av skulebruksplanen.
4. Rådmannen får i oppdrag å fremja sak om eventuelt kjøp av Stord vidaregåande skule, avdeling Saghaugen, etter drøftingar med Hordaland fylkeskommune.

Forstudien vurderer kapasitet for utviding av Langeland og Leirvik skular, ev. overtaking av Stord vidaregåande skule, avdeling Saghaugen og tilgjengelege tomter avsett til skuleanlegg i reguleringsplanar. Stord kommune har kjøpt ei tomt på om lag 17 daa som ligg ved Langeland skule, noko som gir uteareal nok for vidare utbygging av Langeland skule dersom det er trong for det.

Vidare seier forstudien at Leirvik skule har utfordringar knytt til uteareal. Ei utviding til 525 elevar gir trong for større bygningsmasse på tomte. Sjølv med skissert moglegheit for utviding av skuleområdet, vil ein mangla uteareal etter norma og må ev. søka om å få godkjent eit skuleareal som er mindre enn normtalet. Forstudien skildrar ulike modellar for utviding.

Tilrådinga i forstudien er at ein byggjer om gymnastikksalen ved Langeland skule til klasserom og byggjer ny gymnastikksal, samt opparbeider uteareal. Vidare utvikling av Leirvik skule må gjerast i samband med skulebruksplanen. Sidan Saghaugen ikkje er avklart, kan heller ikkje kommunedelplan for skuleanlegg seia noko meir spesifikt om vidare utvikling av Leirvik skule. Forstudien tilrår uansett å prioritera dei dårlege garderobefasilitetane og arbeidsromma for dei tilsette ved Leirvik skule.

## 1.2 Prosess og involvering

Utvikling av skuleanlegg skal vera brukarorientert, og det skal vera høg grad av medverknad. Skulane og barnehagane har fått høve til å henta inn elevane/barna sine meiningar om kva som er viktig for dei. Elevane skal oppleve demokrati og medborgarskap i praksis og verta lytta til i samsvar med prinsippet om barnet sitt beste.

Kommunalsjef Mariann Hilt har vore prosjektansvarleg, og ei prosjektgruppe nedsett av rådmannen har utarbeidd planen.

Prosjektgruppa var sett saman slik:

Arne Bjelland, Stord kommunale eigedom

Marit Himle Pedersen, HTV Utdanningsforbundet (fram til desember 2019)

Iren Dyrseth, controller

Tove Vikanes Agdestein, folkehelsekoordinator

Andreas Moe Larsen, kommuneplanleggjar (fram til september 2019)

Monica Ann Skår, hovudverneombod

Siri Marie Erland, skulefagleg rådgjevar/prosjektleiar og skrivar

Rektorgruppa har vore referansegruppe. Rektorane har i samarbeid med fagavdeling oppvekst og utdanning skrive kapasitetsvurderingar i høve utgreiing om berekraftig skulestruktur i kommunen.

Prosjektgruppa har vore på synfaring ved alle grunnskulane <sup>2</sup>for å kartleggja opplevd kvalitet og kva funksjon inne- og uteareal i skuleanlegga har per i dag.

Elevråd, FAU, tillitsvalde, verneombod og skuleleiing var inviterte med på synfaringane. Kvar skule/elevråd/FAU hadde tilbod om å ettersenda skriftleg materiale. Ulike råd frå fire av skulane nytta seg av dette tilbodet. Andre interesserte har tidlegare kome med innspel i høyringsrunden til planprogrammet.

I samband med eventuelle endringar av kringsgrenser og/eller eventuell nedlegging av skular skal informasjon givast i separate politiske saker som vert utarbeidd på grunnlag av planen sine tilrådingar, slik at elevar og føresette ved dei skulane som er involverte kan få høve til å uttala seg i utvida medverknadsprosessar.

Arbeidet med planen blei starta opp etter vedtak i komité for oppvekst og utdanning 23.11.2017. Planprogrammet blei vedteke 13.11.2018. Før vedtak har denne planen vore til høyring og offentleg ettersyn i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 11-14.

---

<sup>2</sup> Vedlegg: Synfaringar grunnskulane

Planframlegget blei kunngjort på kommunen sin nettstad og i avisa Sunnhordland 27.03.2020 og 08.05.2020 (forlenga frist for merknader). Det kom inn ni merknader.



## 2 Kartlegging av barneskuleanlegg i Stord og rammer for opplæringa

Kartlegging av dei ulike skuleanlegga er basert på observasjonar i synfaringane og kapasitetsvurderingar (areal-, kostnads- og pedagogisk/bygningsmessig/skjønsmessig analyse), samt forstudien om utviding av skulekapasitet i sentrum. Planprogrammet seier at planen skal gi ei skildring av oppdatert kunnskap om faktorane som utgjer eit godt skulemiljø og prinsipp for utforming av fysisk skulemiljø og skuledrift. Saman med elevtalsframskrivingar, presentert i kapittel 3, vert kartlegginga bakgrunnsmateriale for utgreiing om vurderingstema og konklusjon kapittel 4.

Godt vedlikehald av bygningar vil forlenga bygningane si levetid. I samband med synfaringane vart det spelt inn fleire mindre saker som gjeld vedlikehald. I kommunedelplan for skuleanlegg er det dei store linjene som vert vurderte, og trong for utbetring av mindre reparasjonar vert sendt vidare til Stord kommunale eigedom som har utarbeidd ein vedlikehaldsplan for skulebygg<sup>3</sup>.

Skulane skal vera godkjende etter «Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular» og skulane har rutinar for å gjennomføra vernerundar. Føremålet med forskrifta er å bidra til at miljøet i barnehagar og skular fremjar helse, trivsel og gode sosiale og miljømessige tilhøve, samt førebygger sjukdom og skade. Den einskilde skule og barnehage skal godkjennast etter forskrifta. I 2015 var det fem av 10 skular som vart godkjende; Nordbygdo ungdomsskule, Rommetveit skule, Tjødnalio skule, Sagvåg skule og Litlabø skule. Sidan då har nokre utbetringar på/i bygningar vore gjort ved Hystad skule, Leirvik skule og Langeland skule. Stord ungdomsskule er ny. Langeland skule er godkjend. No står det att å bygga ny Nysæter ungdomsskule, samt utbetra trafikkforholda ved Hystad og Leirvik skular før alle skulane kan verta godkjende.

### 2.1 Endringar sidan skulebruksplan 2012 – 2020

Dei siste åra har kommunen gjort følgjande investeringar i skulesektoren:

#### Ungdomstrinnet

I samsvar med skulebruksplan 2012 – 2020 vart ny Stord ungdomsskule – «Konge på haugane» - ferdig i 2018. Elevar og tilsette flytta inn i januar 2019.

Nysæter ungdomsskule – «Du glitrande» - har planlagd byggestart sommaren 2020 og skal stå ferdig hausten 2022. Revidert forprosjekt er ferdig, og bygget vert lyst ut på anbod før påske, med ny politisk handsaming i juni i samband med opsjonane.

#### Barnetrinnet

Langeland skule fekk nytt modulbygg med klasserom, grupperom og spesialrom i 2014. Grunna stor auke i elevtal er det framleis trong for utviding av areal ved Langeland skule. Kommunen har kjøpt ei tomt som er tiltenkt skuleføremål tilstøytande Langeland skule, og i samband med budsjett- og økonomiplan for perioden 2020-2023 er det sett av midlar til ny gymsal og ombygging av eksisterande gymsal til tre klasserom.

Hystad skule fekk eit nytt bygg med klasserom, grupperom og «torg» i 2016. Grunna asbestplater som måtte fjernast, vart i tillegg gymnastikksal og garderobar rehabiliterte for eit par år sidan.

---

<sup>3</sup> Vedlegg: Vedlikehaldsplan skulebygg 2019-2028

Det er ein prosess i gong med utviding og utbetring av Leirvik skule enten i Stord vidaregåande skule avdeling Saghaugen sine lokale eller på eiga skuletomt. Ev. kjøp av Saghaugen er ikkje avklart når planen vert skriven.

#### Innføringsklassar

Innføringsklasse var ei eiga sak i samband med skulebruksplan 2012-2020. Per i dag har kommunen innføringsklassar ved Langeland skule og Stord ungdomsskule, etter vurdering av omfang og kostnad i PS 15/12 i komité for oppvekst og utdanning.

#### Vaksenopplæringa

Stord vaksenopplæring (VO) vart eiga eining i 2016 etter vedtak i Driftsstyret, og dei held per i dag til i leigde lokale i Leirvik sentrum.

## 2.2 Kommunen sine grunnskuleanlegg per i dag

Stord kommune har ein skulestruktur med 10 grunnskular; til saman sju barneskular og tre ungdomsskular. Grunnskulen sitt informasjonssystem (GSI<sup>4</sup>) syner at det per 1. oktober 2019 er 1735 elevar på barnetrinnet og 732 elevar på ungdomstrinnet, fordelt på tre område:

Tal elevar 1.-7. trinn område Sagvåg	Tal elevar 1.-7. trinn Nordbygdo	Tal elevar 1.-7. trinn sentrum
476 elevar	504 elevar	755 elevar

Det vil stadig vera små justeringar i elevtal ved skulane fordi familiar flyttar i/mellom kommunar.

Med ungdomstrinnet medrekna vert tal på elevar i grunnskulen følgjande:

Tal elevar 1.-10. trinn område Sagvåg	Tal elevar 1.-10. trinn Nordbygdo	Tal elevar 1.-10. trinn sentrum
659 elevar	729 elevar	1079 elevar

Til saman går 44 prosent av elevane på sentrumsskulane. Stord kommune har frå hausten 2019 ingen små skular med færre enn 100 elevar. Tre skular har fleire enn 300 elevar. Det samsvarar med landet generelt; flest skular har 100-300 elevar.

Ei vurdering av kapasitet i samband med framtidig berekraftig skulestruktur<sup>5</sup> syner at barneskulane i dei ulike områda i dag har kapasitet til høvesvis 630 elevar i Sagvåg, 610 elevar i Nordbygdo og 775 elevar i sentrum.

Når det gjeld dei ulike skuleanlegga, er det ikkje samsvar mellom tal på elevar og tilgjengeleg areal per elev ved dei ulike skulane. Det er særskilt sentrum barneskulekrins, med skulane Leirvik og Langeland som har kapasitetsproblem (høvesvis 346 og 409 elevar). I Sagvågsområdet nyttar ein 476 av 630 tilgjengelege elevplassar (om lag 75 prosent av kapasiteten til Litlabø, Sagvåg og Tjødnalio skular), og i Nordbygdo 504 av 610 tilgjengelege elevplassar (om lag 83 prosent av kapasiteten til Hystad og Rommetveit skular).

<sup>4</sup> Grunnskolen informasjonssystem (GSI) <https://gsi.udir.no/>

<sup>5</sup> Vedlegg: Kapasitetsanalyse skuleanlegg barnetrinn

I tråd med planprogrammet har prosjektgruppa vurdert både inne- og uteareal, samt utnyttta kapasitet og grad av funksjonalitet og variasjon i læringsarenaane. Viktige spørsmål har vore:

- Korleis fungerer innearealet i skulebygga som læringsarenaar i tilpassa opplæring og skulefritidsordning?
- Korleis fungerer utearealet som læringsarena, i pausar og i skulefritidsordninga?
- Korleis er skuleveg og uteområde tilrettelagt slik at skuleanlegga kan fungera som nærmiljøanlegg og med funksjon for kultur-, idretts- og organisasjonslivet?

Synfaringane <sup>6</sup>stadfesta at skuleanlegga har varierende standard og at det er eit etterslep på vedlikehald, også på nokre av dei nyaste skulebygga. Skulane er ulikt utforma og varierer frå ein gammal byskule i Leirvik til fleksible nyare bygg. Ulike typar skuleanlegg gir ulike utfordringar i tilrettelegging av undervisning.

Dei ulike skulane har ulik storleik på klasseromma. Hausten 2018 kom det ei norm for lærartettleik i grunnskulen. Det er ikkje sett grenser for klassestorleik i opplæringslova. Ei vurdering av forsvarleg læringsmiljø set likevel grenser for kor store grupper ein kan ha, særleg i eldre og mindre klasserom. Dei fleste klassane i grunnskulane i Stord har færre enn 28 elevar. Organiseringa av undervisninga i ulike grupper kan gi ulik gruppestorleik, basert på pedagogiske, sosiale og tryggleiksmessige vurderingar. Ved til dømes Langeland skule kan ein ha klassar på 28 elevar fordi dei fleste klasseromma er minimum 60 m<sup>2</sup>, medan ein ved Leirvik skule kan ha 25 elevar i dei fleste av klasseromma som er på 50 m<sup>2</sup>. Dersom skulane har felles læringsareal som elevane kan disponera i nærleiken av klasserommet, kan klassane/gruppene ha mindre klasserom. Så lenge inneklimaet er tilfredsstillande og aktiviteten i rommet er tilpassa, kan elevtalet i enkeltrom i nokre timar vera høgare enn norma for nye skular på 2 (2,5) m<sup>2</sup> per elev.

### 2.3 Fysisk utforming av skuleanlegg og skuledrift

Det fysiske læringsmiljøet må støtta opp om læringsprosessane til elevane. Estetiske kvalitetar ved skuleanlegga påverkar opplevinga av tilhøyrslø og av å vera verdsett<sup>7</sup>. Nyare forskning viser klar samanheng mellom bygningane sin standard og elevane sitt læringsmiljø og læringsresultat. Skulebygg som vert haldne i god stand gir betre trivsel og auka læringsutbytte<sup>8</sup>. Gjennom godt vedlikehald signaliserer vaksne til barn og unge at skulen betyr noko og at me vaksne bryr oss om dei.

Læreplanverket er forskrifter til opplæringslova som styrer innhaldet i opplæringa. Generell del i Kunnskapsløftet vert hausten 2020 erstatta av ein ny overordna del til læreplanane. Samstundes vert alle læreplanane i skulen fornya for å gjera dei meir relevante for framtida. Nye læreplanar – «Fagfornyelsen» - skal takast i bruk på 1. – 9 . trinn frå skulestart i 2020, og på 10. trinn hausten 2021. I ny overordna del til læreplanen kan ein lesa at «ved å bruke varierte læringsarenaer kan skolen gi elevane praktiske og livsnære erfaringer som fremmer motivasjon og innsikt». Oppgåvene elevane får skal opna for læringsprosessar som fremjar djupnelæring. Det vert i dag forska på om ope og fleksibelt læringsmiljø kan vera god tilrettelegging for utvikling av

---

<sup>6</sup> Vedlegg: Synfaringar grunnskulane

<sup>7</sup> Folkehelseoversikta 2016

<sup>8</sup> Forskning.no. 10.08.2016. *Derfor gir nedslitte skolebygg dårligere resultat:*  
<https://forskning.no/2016/08/derfor-gir-nedslitte-skolebygg-darligere-resultat>

betre undervisningspraksis for lærarane og auka læringsutbytte for elevane.<sup>9</sup> Det tradisjonelle klasserommet er i endring.

Eit sentralt prinsipp for kapasitetsvurdering har blitt endra sidan kommunen laga kapasitetsanalyse i 2012. Det finst ikkje lenger eit klassesdelingstal på 28 elevar per klasse på barnetrinnet og 30 elevar per klasse på ungdomstrinnet.

Elevane i grunnskulen vert i dag organiserte i årstrinn, og undervisninga skjer i fleksible grupper av ulik storleik. Alle elevane skal få tilpassa opplæring og eventuell tidleg innsats og intensiv opplæring i lesing, skriving og rekning på 1.-4. trinn.

Lærartettleik i ordinær undervisning vert rekna ut etter ei nasjonal norm med 15 elevar per lærar på 1.-4. trinn og 20 elevar per lærar på 5.-7. trinn og på 8.-10. trinn.

Dei fleste skulane har fått noko avgrensa kapasitet i ny arealvurdering fordi det er trong for meir variasjon i læringsarenaer som er tilpassa innhaldet i læreplanane og undervisninga.



Nytt i skulen frå hausten 2020 er meir vekt på læring gjennom leik for dei yngste elevane, samt at fleire fag skal verta meir praktiske og utforskande. Leik som metode og meir praktisk tilnærming i fag krev nok og tilrettelagt læringsareal både inne og ute.

Dersom eleven skal nå måla i dei ulike læreplanane for fag, må ulike spesialrom vera tilgjengelege som læringsarenaer; mat og helse, symjing, musikk, gym og kunst & handverk. I til dømes symjing er det ein føresetnad at undervisninga er i eit basseng tilpassa elevgruppa.

---

<sup>9</sup> Utdanningsdirektoratet/Fysisk læringsmiljø. 28.05.2019. *Økt dybdelæring i åpne læringsarealer*. <http://www.skoleanlegg.utdanningsdirektoratet.no/artikkel/349/24/okt-dybdelaring-i-apne-laringsarealer>



I opplæringslova §9-2 står det at elevane skal ha tilgang til skulebibliotek. Skulebiblioteka skal vera ei kjelde til kunnskap og ein møtestad. Det skal vera både eit fysisk og eit digitalt rom - ein læringsarena på tvers av fag. Skulebiblioteket bør vera sentralt i arbeid med både kompetanseomgrepet og definisjonen av djupnelæring i komande læreplan.

Det er ulike grupper tilsette som møter elevane i skulekvardagen. I planlegging av skuleanlegg er det viktig å leggja til rette for at helsesjukepleiar har eigna rom for møte med elevar.

## 2.4 Tilpassa opplæring

Tilpassa opplæring gjeld alle elevar og skal i størst mogleg grad skje gjennom variasjon og tilpassing til mangfaldet i elevgruppa innanfor fellesskapet. Tilpassa opplæring er tilrettelegging som skulen gjer for å sikra at alle elevar får best mogleg utbytte av den ordinære opplæringa. Skulen kan mellom anna tilpassa opplæringa gjennom arbeidsformer og pedagogiske metodar, bruk av læremiddel, organisering, og i arbeid med læringsmiljøet, læreplanar og vurdering.

Variasjon i elevgruppa kan føra til at kapasitetsvurdering ved ein skule kan endra seg frå eit skuleår til eit anna.

### 2.4.1 Universell utforming

Bygningar og uteområde i eit skuleanlegg skal vera tilgjengeleg for alle. Ved nybygg/rehabilitering skal krav om universell utforming i følgje gjeldande byggteknisk forskrift leggjast til grunn.

Kapittel 3 i Meld. St. 6 (2019-2020)<sup>10</sup> handlar om universell utforming og ein kan lesa at det er «grunnleggende for inkludering i barnehager og skoler at alle har lik tilgang til fellesarealer, læremidler og andre virkemidler i det pedagogiske tilbudet». Dette er spesielt viktig for enkeltbarn, men det gir og auka kvalitet for alle som nyttar

---

<sup>10</sup> Meld. St. 6 (2019-2020) Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-6-20192020/id2677025/?ch=3>

skuleanlegget. Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) arbeider med å få til ei nasjonal kartlegging av status for universell utforming av barnehage- og skulebygg.

Akustisk utforming kjem og inn under universell utforming, både i høve opne undervisningslandskap og høyrslhemma elevar, og rom eigna til utøving av musikk.

#### 2.4.2 Teiknspråk

Etter opplæringslova § 2-6 kan kommunen kan gi opplæring i og på teiknspråk ved annan skule enn den eleven soknar til. Det vil seia at elevar som ynskjer opplæring etter denne paragrafen ikkje har rett til å få slik opplæring på nærskulen sin. Stord kommune har valt å ikkje ha eigne skular som er peika ut til å vera teiknspråkskular og har gitt enkeltelevar tilbod om opplæring etter § 2-6 etter søknad.

#### 2.4.3 Innføringsklasse

Stord kommune har per i dag innføringstilbod til minoritetsspråklege elevar ved Langeland skule og ved Stord ungdomsskule. Målet for opplæring i eit innføringstilbod er at elevane så raskt som mogleg skal læra seg norsk og bli i stand til å nå kompetansemåla i Kunnskapsløftet og følgja den ordinære opplæringa i norsk.

Det er frivillig å delta i denne opplæringa, og tilbodet skal vera tidsavgrensa. Tilbodet skal ivareta individuelle behov og rettar for den enkelte elev, og organiseringa og innhaldet i opplæringa må sikra eit inkluderande og godt læringsmiljø.

Tal elevar i innføringsklassane i Stord kommune er redusert og det vil verta naudsynt å evaluera ordninga og ev. legga ned tilbodet.

#### 2.4.4 Spesialundervisning

I den ordinære opplæringa har ikkje eleven rett til noko særskild tilrettelegging. Spesialundervisning er derimot ein individuell rett eleven har i dei tilfella han eller ho treng ekstra tilrettelegging utover det ordinære tilbodet. Elevar som ikkje får tilfredstillande utbyte av opplæringa har rett på spesialundervisning.

Hystad skule og Stord ungdomsskule har areal tilrettelagt for grupper (basar) med elevar som treng omfattande særskild tilrettelegging. Eleven og føresette må sjølv velja om dei ynskjer at eleven skal gå på ein annan skule enn nærskulen, og i praksis har desse skulane ikkje vore nytta til baseskular.

Med universell utforming av skulebygg og fokus på inkluderande læringsmiljø, kan det vurderast om ein treng slike baseskular i Stord, eller om eleven kan gå på sin nærskule og få det undervisningstilbodet han/ho treng av kompetente tilsette der.

### 2.5 Uteområde

Natur og uteområde skal vera i bruk som læringsarena. På 2. trinn skal elevane mellom anna utforska eit naturområde i nærmiljøet, oppleve naturen til ulike årstider og utforska sansane gjennom leik ute og inne (kompetansemål i naturfag frå hausten 2020).

Helsedirektoratet tilrår at barn er i moderat fysisk aktivitet minst 60 minutt om dagen. Del barn som oppfyller tilrådd aktivitetsnivå minkar med aukande alder frå 90 prosent av

6-åringane til 50 prosent av 15-åringane. Skulen blir peika på som viktigaste arena for å fremja fysisk aktivitet for born og unge.

Uteområda ved skulane skal ikkje lenger opparbeidast som ein asfaltert plass, men må leggja til rette for variert fysisk aktivitet, leik og læring. Skulen sine uteområde er ein del av nærmiljøet sitt aktivitetstilbod. Nye og eksisterande uteområde bør leggja til rette for læring, stimulera til variert aktivitet og fremja meistring for alle aldersgrupper og funksjonsnivå. Det bør vera tilgang til naturleikeplassar i eller ved uteområda.



Elevane skal ha fysisk aktivitet dagleg. Nærmiljø og skuleveggar er viktige for elevane sin tryggleik, men og for å leggja til rette for fysisk aktivitet og gode levevanar. Skulane sine uteareal skal vera trafikksikre, gje høve til fysisk aktivitet, sosialt samvær, rekreasjon og kvile. Eit attraktivt utemiljø stimulerer til positiv aktivitet og fellesskap og kan bidra til å redusera mobbing<sup>11</sup>.

Etter gjeldande kommuneplan skal Stord kommune redusera transportbehovet og bilbruken gjennom å etablera samanhengande nettverk av gang- og sykkelveggar mellom bustadområde, sentrum, skular, friluftsområde og andre viktige knutepunkt. Ein skal i tillegg sikra friområde i nærleiken av skular, barnehagar og bustadfelt. Utrygge skuleveggar og trafikktilhøve rundt skulane skapar stress og angst i familiane og er risikofaktor for helsa til elevane<sup>12</sup>.

For nye skular er anbefalinga samla minimumsareal om lag 5000 m<sup>2</sup> for skular med færre enn 100 elevar, for skular med mellom 100 og 300 elevar samla minimumsareal om lag 10 000 m<sup>2</sup>, og for skular med fleire enn 300 elevar samla minimumsareal om lag 15 000 m<sup>2</sup> med tillegg på 25 m<sup>2</sup> for kvar elev over 300. Per i dag er det i høve denne norma for lite uteareal ved Langeland og Leirvik skular. Kommunen har kjøpt ei tomt tilstøytande Langeland skule som vil gi nok uteareal der på sikt.

Areal i seg sjølv er ikkje nok til å ha et tilfredsstillande uteområde. Variert tilrettelegging og organisering av bruken av areala er minst like viktig. På skular med mindre areal enn anbefalt norm vil dette vera spesielt viktig. Tilleggsareal, som til dømes idrettsanlegg eller skog og utmark som skulen disponerer i skuletida, vil normalt kunna reknast med i arealet.

---

<sup>11</sup> Folkehelseoversikta 2016

<sup>12</sup> Folkehelseoversikta 2016

## 2.6 Skulefritidsordning (SFO)

SFO skal leggja til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar<sup>13</sup> med utgangspunkt i barna sin alder, funksjonsnivå og interesser. Ordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal gis gode moglegheiter for utvikling. SFO er rekna som eit helsefremjande tiltak som har stor verdi når det gjeld å redusera sosiale helseskilnader.<sup>14</sup>

Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning, men opplæringslova gir ikkje elevane rett til plass i skulefritidsordning, heller ikkje barn med særskilde behov. Omfanget av kommunen sine plikter er svært avgrensa, til dømes er ein ikkje plikta til å oppretta eit visst tal plassar eller å gi tilbod ved meir enn ein av skulane i kommunen.<sup>15</sup>

Areal inne og ute skal vera tilpassa SFO-aktivitetane. Fritidsordning og undervisning i Stord praktiserer høg grad av sambruk av areal<sup>16</sup>, noko som gir effektiv arealbruk og gode moglegheiter for varierte aktivitetar i SFO. Regjeringa har signalisert at det vil koma ein ny nasjonal rammeplan for SFO.

SFO i Stord er eige sjølvkostområde. Relativ høg eigenbetaling i Stord gjer at familiar med låg inntekt truleg i mindre grad er brukarar av SFO. Dette medfører då at tilbodet er med på å auka dei sosiale skilnadane.<sup>17</sup>

Kommunestyret bad i budsjett for 2020, punkt 7 i budsjett- og økonomiplan 2020-2023, om at

«Kommunestyret ber rådmannen gjennomføra ei evaluering av SFO-ordninga i Stord kommune. Kommunestyret bed om at innføring av søskenmoderasjon vert ein del av vurderinga, samt samarbeid med ideelle organisasjonar og private aktørar.»

Rådmannen vil greia ut moglegheit for moderasjonsordningar, samarbeid med ideelle organisasjonar og opplevd kvalitet hjå brukarane i eiga sak våren 2020.

## 2.7 Skuleveg

Stortinget vedtok i 2017 nasjonal transportplan, som for fyrste gong inneheldt «barnas transportplan». Eit viktig mål er at åtte av ti barn og unge skal sykla eller gå til skulen. Transport- og kommunikasjonskomiteen viser i si innstilling til Stortinget til at «mange av grepene som får størst betydning for barn og unge, er lokale gang- og sykkelveitiltak, og vil oppfordre kommuner og fylkeskommuner til å ta med seg innspillene og legge føringene i barnas transportplan til grunn for sitt arbeid».

Regional plan for folkehelse har og mål om at 80 prosent av barn og unge skal gå eller sykla til skulen. Skulevegen kan vera ei kjelde til meistring, oppleving og sosiale relasjonar, og auka fysisk aktivitet vil betra folkehelsa. Forsking syner at elevar som går

---

<sup>13</sup> Utdanningsdirektoratet. *Regelverk for skolefritidsordningen (SFO)*.

<https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Leksehjelp/Regelverk-for-skolefritidsordningen-SFO/Innholdet-i-skolefritidsordningen/>

<sup>14</sup> Folkehelseoversikt Stord 2020-2024

<sup>15</sup> <https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Leksehjelp/Regelverk-for-skolefritidsordningen-SFO/Kommunens-plikter/>

<sup>16</sup> Utdanningsdirektoratet/Fysisk læringsmiljø. *Sambruksordninger for SFO*.

<http://www.skoleanlegg.utdanningsdirektoratet.no/artikkel/53/Sambruksordninger-for-SFO>

<sup>17</sup> Folkehelseoversikt Stord 2020-2024



til skulen har betre konsentrasjonsevne. I eit livsløpsperspektiv er etablering av gode levevanar i ung alder viktig for framtidig helse.

Fleire elevar enn ynskjeleg blir køyrde av foreldra til skulen. Transportøkonomisk institutt seier i ein rapport om barns aktiviteter og daglege reiser i 2013/14 <sup>18</sup>at om lag to av tre barn i alderen 6-12 år går til skulen. Dei gjorde i 2006 ei kartlegging som viser kvifor barn blir kjørt til skulen:

- skulen er same veg som mor/far sitt arbeid (58 %)
- trafikkfarleg veg (21 %)
- det er raskast/enklast (18 %)
- søsken blir kjørt (17 %)
- sparer tid for vaksne (15 %)
- for langt å gå/sykla (14 %)

Det er lett å forstå at foreldre vel å kjøra barna til skulen dersom skulevegen ikkje er trygg. Når fleire blir kjørt, blir trafikksituasjonen rundt skulen verre, noko som gir ein negativ spiral. For å endra dette mønsteret må kommunen ta grep, både ved skulevegane og på skuleområdet. I tillegg må det leggjast vekt på trafikkopplæring og haldningsskapande arbeid.



Når kommunen skal byggja nye skular, må ein velja plassering slik at flest mogleg elevar får ein trygg skuleveg, og slik at færrest mogleg elevar må ha skyss grunna lang skuleveg.

Fleire kommunar har teke i bruk omgrepet «hjarteson» for å betra trafikksituasjonen rundt skulane og gjera det sikrere for elevane å gå eller sykla. Ei etablering av «hjarteson» kan romma mindre og større tiltak, fysiske tiltak og haldningsendringar. Felles for dei alle er at dei skal gjera det sikrere for elevane å gå eller sykla.

Krav til sykkelparkering er definert i kommuneplanen. Sykkelparkering skal leggjast innanfor hjartesona, under tak og så nært hovudinngangen som mogleg. Utanfor hjartesona blir parkeringsplassar, busstopp og droppsone etablert, og det skal vera trafiksikker og trygg veg frå desse punkta til skulen.

---

<sup>18</sup> TØI rapport 1413/2015 <https://www.toi.no/getfile.php?mmfileid=40755>

Droppsone (der foreldre set av eller hentar elevar når dei køyrer dei til og frå skulen) og busstopp bør leggjast eit stykke frå skulen, slik at alle elevane får dei positive effektane av å gå til skulen, samstundes som det betrar trafikksituasjonen rundt skuleanlegget.

I synfaringane ved grunnskulane i Stord var det tydeleg at trafikk- og/eller parkeringstilhøva ved seks av sju barneskular (Litlabø, Tjødnalio, Hystad, Leirvik, Rommetveit og Langeland) treng utbetring. Parkeringsområdet rundt Stord ungdomsskule vert opplevd som utrygt. Her er trong for utbetring.

## 2.8 Skulen som møteplass og kulturarena i nærmiljøet

Skulen er viktig som møteplass for lokalmiljøet. Nærskulen kan fremja trivsel og tilhørsl<sup>19</sup>. Avstand, utrygg veg og dårleg kollektivtilbod er blant dei viktigaste barrierane for deltaking i fellesaktivitetar.

Barn i barneskulealder er glade i å vera i naturen. Dei nemner tre, skog, grasbakkar og ville bær som viktig for trivsel. Dei ynskjer også tilrettelagte leikeplassar med utfordringar for alle. Å ha vener i nabolaget er særskilt viktig for aldersgruppa 6-12 år.



Ulike lag- og organisasjonar, samt privat utleige, er del av kvardagen ved skuleanlegga. Både inne- og uteareal bør leggja til rette for bruk av skuleanlegga i andre samanhengar enn undervisning og skulefritidsordning.

## 2.10 Skulestorleik og kvalitet

Noreg har flest skular med mellom 100 og 300 elevar, og elevane fordelte seg på til saman 2830 grunnskular i 2018. Dette er 18 færre skular enn i 2017. <sup>20</sup>Det har vore ein nedgang i skular med færre enn 100 elevar, medan tal på skular med 300 elevar eller

<sup>19</sup> Folkehelseoversikta 2016

<sup>20</sup> Utdanningsdirektoratet. 13.12.2018. *Statistikk om grunnskolen 2018/19*.

<https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-grunnskole/gsi-notat-grunnskole/>

fleire har auka noko. Planprogrammet til skulebruksplanen legg opp til at Stord kommune på generelt grunnlag tek stilling til kor store og kor små skular kommunen meiner er tenleg i framtida.

Trenden med større skular (elevtal 500+) kom etter at anbefalt maksimal skulestorleik vart tatt bort frå opplæringslova i 2016<sup>21</sup>. Tidlegare sa lovteksten at «til vanleg bør det ikkje skipast grunnskolar med meir enn 450 elevar».

Det finst noko forskingsinformasjon om ein eventuell samanheng mellom skulestorleik og læringsmiljø og/eller læringsresultat. Forsking på emnet syner at det ikkje er eintydige samanhengar mellom skulestorleik og læringsmiljø. Resultata heller litt mot at det faglege utbytet til elevane aukar med større skular, men ikkje at større skular i seg sjølv gir større fagleg utbyte. Det er ikkje grunnlag for å seia at dimensjonar ved kvalitet, til dømes sosial kompetanse, motivasjon for læring, elevmedverknad og samarbeid skule – heim har samanheng med skulestorleik.

Tone H. Sollien<sup>22</sup>, seniorrådgjevar ved Asplan Viak, har publisert teksten «Sammenheng mellom skolestørrelse og kvalitet» om forskingsinformasjon i høve samanheng mellom skulestorleik og læringsmiljø/-resultat. Utgreiinga hennar syner at det er lite støtte i forskning for at skulestorleik har stor betydning for kvaliteten i skulen. Funna viser at det truleg er andre faktorar som er avgjerande for kvalitet enn skulestorleik. Artikkelen hennar syner mellom anna til norsk forskning av Thomas Nordahl ved Høgskulen i Innlandet og Karl Jan Solstad i Nordlandsforskning.

## 2.11 Andre undervisningstilbod

Det er skuleanlegga til grunnskulen som vert vurderte i planen. Vaksenopplæring og kulturskule held til i leigde lokale og i kulturhuset.

### 2.11.1 Stord vaksenopplæring

Vaksenopplæringa (VO) gir tilbod både om norskopplæring for framandspråklege og opplæring for vaksne med særlege behov. VO har elevar som tek grunnskuleeksamen.

VO held til i leigde lokale i Leirvik sentrum og har per i dag store nok og mange nok klasserom, samt arbeidsrom, til å møta elevar og tilsette på ein god måte.

### 2.11.2 Stord kulturskule

Stord kulturskule er ein frivillig skule som har ei rekke tilbod om undervisning innan musikk, dans, teater, parkour og visuelle kunstfag. Det meste av undervisninga er lagt til ettermiddagstid i Stord kulturhus eller i Osen 6 like ved. Kulturskuletilbodet rettar seg i hovudsak mot born og unge i alderen 0 – 20 år, men skulen har ingen aldersgrense, og er difor open for alle.

---

<sup>21</sup> Utdanningsdirektoratet. 14.06.2016. *Lovtekst om skolestørrelse fjernet*. <http://www.skoleanlegg.utdanningsdirektoratet.no/artikkel/145/Lovtekst-om-skolestorrelse-fjernet>

<sup>22</sup> <https://docplayer.me/7075919-Sammenheng-mellom-skolestorrelse-og-kvalitet-av-tone-h-sollien-asplan-viak.html>

### 2.11.3 Friskular

Stord kommune har per i dag ingen friskular. Om det vert etablert ein friskule, er det vanskeleg å seia kva grunnskular i kommunen/regionen friskulen vil rekruttera frå og kva konsekvensar det eventuelt vil få.

Stord kristne skule er godkjent for 150 elevar av Utdanningsdirektoratet frå og med hausten 2019, men den har ikkje starta opp.

### 2.12 Overordna rammer for skuledrift

Kartlegginga av skulane i Stord og rammene for drift er forankra i overordna lover og planar for grunnskuleopplæringa. I tillegg til oversikta i dette kapitlet, er fleire regionale og kommunale føringar å finna i planprogrammet<sup>23</sup>. Kjeldelista syner ei oversikt over grunnlagsmateriale som er nytta i planarbeidet.

#### Opplæringslova om det fysiske skulemiljøet

Opplæringslova regulerer kommunen sine plikter knytt til grunnskuleopplæringa, og § 9 A-2 seier at alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

For at alle elevar skal ha best mogleg rammer for læringsmiljø og –utbyte, må det fysiske skulemiljøet vera tilrettelagt. § 9 A-7 i opplæringslova skildrar det fysiske skulemiljøet slik:

«Skolane skal planleggjast, byggjast, tilretteleggjast og drivast slik at det blir teke omsyn til tryggleiken, helse, trivselen og læringa til elevane.

Det fysiske miljøet i skolen skal vere i samsvar med dei faglege normene som fagmyndighetene til kvar tid tilrår. Dersom enkelte miljøtilhøve avvik frå desse normene, må skolen kunne dokumentere at miljøet likevel har tilfredsstillande verknad for helse, trivselen og læringa til elevane.

Alle elevar har rett til ein arbeidsplass som er tilpassa behova deira. Skolen skal innreiast slik at det blir teke omsyn til dei elevane ved skolen som har funksjonshemmingar.

Dersom ein elev eller forelder eller eit av råda eller utvala ved skolen der desse er representerte, ber om tiltak for å rette på fysiske miljøtilhøve, skal skolen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningsloven. Om skolen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningsloven som om det var gjort enkeltvedtak.»

#### Kommuneplanen om utfordringar i grunnskulen

Elevane lærer på ulike måtar og treng ulike læringsarenaer. Dei skal møta ein kultur for læring med tilpassa faglege utfordringar som gir ynskja læringsutbyte. Kommuneplanen seier om oppvekstsektoren at utfordringar for grunnskulen mellom anna er organisering, arbeidsformer, arbeidsmåtar og vurdering. For å møta denne utfordringa kan ein til dømes «laga allsidige læringsssituasjonar der ein vekslar mellom praktiske aktivitetar og teori», «utforma fysisk miljø som fremjar praktisk arbeid og kreative uttryksformer», og «sikra variert terreng kring barnehage og skule» (side 45-47). Elevane treng skuleanlegg tilrettelagde for læring. Uteområdet ved skulen skal leggja til rette for aktivitet og læring, og det skal vera greitt å vera i skulefritidsordninga.

#### Klimastrategi for 2030 om miljø og klimatiltak

Bygg og transport er to tilrådde tema for omstillingstiltak til lågutsleppssamfunn. Det må leggjast til rette for god utnytting av areal i bygg, også ved sambruk og fellesløysingar. Kommunestyret vedtok at Stord kommune skal følgja opp Vestland fylkeskommune sine

---

<sup>23</sup> Vedlegg: Planprogram – kommunedelplan for skuleanlegg

klimamål og bli nullutsleppskommune innan 2030. I samband med handsaming av Stord kommune sin nye planstrategi har kommunen fått nye lokale målsettingar, til dømes at «Utbygging bør ha som mål å redusera transportbehovet og legge til rette for klima- og miljøvenlege transportformer som sykkel, gange og utsleppsfri kollektivtransport.»

Det er viktig at det ved større offentlege byggprosjekt blir valt berekraftige og robuste løysingar. God utnytting av areal i bygg, også ved sambruk og fellesløysingar, klimaeffektiv materialbruk og energiproduksjon integrert i bygget er døme på ønska tiltak innanfor reduksjon av utslepp for bygg.

#### Nasjonal transportplan om skuleveg

Alle elevane skal ha trygg skuleveg som i størst mogleg grad oppmodar til å gå eller sykla. Nasjonal transportplan har som mål at 80 prosent av barn og unge mellom seks og 15 år skal gå eller sykla til skulen.

#### Opplæringslova: Rammer i høve kringsgrenser

Når det gjeld kringsgrenser, skildrar opplæringslova § 8-1 elevane sin rett til å gå på den skulen som ligg nærast eller den skulen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi rettleiande forskrift om kva skule dei ulike områda i kommunen soknar til, ei slik forskrift kan ikkje redusera eleven sin rett til å gå på nærskulen.

#### Opplæringslova: Rammer i høve skyss

Opplæringslova § 13-4 skildrar at kommunen svarar for skyss av grunnskuleelevar på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg. Elles er fylkeskommunen ansvarleg for skyss av elevar på fyrste trinnet som har lengre enn to kilometer til skulen frå heimen, medan grensa for elevar på dei andre grunnskuletrinna er på fire kilometer.

#### Folkehelselova: Rammer for helsefremjande arbeid

Skulen er ein særskilt viktig arena for helsefremjande arbeid. Kommunen skal fremja folkehelse innan dei område og oppgåver som er lagt til kommunen, slik som lokal utvikling og planlegging, forvaltning og tenesteyting. Stord kommune har vedteke følgjande mål for folkehelsearbeidet:

1. Innbyggjarane opplever likeverdige levekår, behovstilpassa tilbod og like høve til deltaking
2. Det er lagt til rette for at innbyggjarane har tilgang på nødvendig kunnskap og reelle høve til gode val for å ta vare på helsa
3. Stord er eit berekraftig lokalsamfunn med trygge, trivelege og inkluderande nærmiljø

#### Forskrift om miljøretta helsevern i barnehage og skule

Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular har sin heimel i folkehelselova og tobakksskadelova. Forskrifta inneheld krav til det fysiske og sosiale miljøet, og gjev krav til bl.a. ansvarstilhøve, internkontroll, plikt til opplysning og informasjon, tilsyn, sanksjonar og klage. Føremålet med forskrifta er å bidra til at miljøet i barnehagar og skular fremjar helse, trivsel og gode sosiale og miljømessige tilhøve, samt førebygger sjukdom og skade. Den einskilde skule og barnehage skal godkjennast etter forskrifta. Dette gjeld òg for nye anlegg. Det er kommunelegen som er godkjenningssmynde i Stord kommune.

#### Arbeidsmiljølova om skulen som arbeidsplass

Alle tilsette ved skulane skal oppleva ein god arbeidsplass med arbeidsforhold som oppfyller krav etter arbeidsmiljølova. Arbeidsmiljølova skildrar mellom anna krava til det fysiske arbeidsmiljøet for dei tilsette i skulane.

### 2.13 Generelt om kringsgrenser

Elevar i grunnskulen har rett til å gå på sin nærskule<sup>24</sup>. Dette følgjer av opplæringslova § 8-1 første ledd første pkt. Der står det at elevane «har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til». Begge alternativa, «nærast» og «soknar til», handlar om same vurderingstema, nemleg kva som skal reknast som nærskule.

Kva som skal reknast som nærskulen vert avgjort av ei rekkje forhold omtalt i opplæringslova sine forarbeid, jf. NOU:18 1995 og Ot.prp. nr. 46 (1998-1999). Det skal takast utgangspunkt i geografi, men også andre objektive forhold som t.d. topografi og farleg skuleveg er relevante omsyn. Det kan også leggjast vekt på subjektive forhold som at eleven har søsken på skulen.

Kommunen kan avgjera kva som er nærskulen i ei rettleiande forskrift om skulekringsgrenser. Ei slik rettleiande forskrift kan likevel ikkje hindra at ein elev kan krevja å få gå på sin nærskule. Kapasitet på skulen kan berre få betydning for skulekrinsen/nærskulen når det kan dokumenterast at ein skule er full. Opplæringslova § 8-1 første ledd andre pkt., gjev kommunen heimel til å fastsetja forskrifter; «om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til.» Denne forskriftsheimelen er først og fremst gjeve for at det skal vera føreseieleg for innbyggjarane kva skule dei ulike områda i kommunen soknar til, samt styra den kommunale saksbehandlinga og sikra likebehandling. Forskrifta vil også vera sentral ved klagebehandling, der kommunen vert gjeve høve til å synleggjera for Fylkesmannen korleis nærskuleprinsippet er ivareteke.

Rettleiande forskrift om skulekringsgrenser skal vera ein funksjon av korleis nærskuleprinsippet skal ivaretakast for den enkelte elev i kommunen. Forskrifta må vera utforma i samsvar med dei omsyn som er lovlege etter ei tolking av lov og forarbeid – sjå over. Ei forskrift vil difor vera klarast der den legg vekt på objektive forhold som geografi og topografi. Forskrifta må likevel også opna for å leggja vekt på subjektive forhold, der spørsmål om nærskuleprinsippet må avgjerast i den konkrete sak. Det ligg ikkje innanfor det kommunale handlingsrom eller sjølvstyre å fastsetja forskrifter i strid med nærskuleprinsippet.

Komité for oppvekst og utdanning vedtok rettleiande forskrift om kringsgrenser for grunnskulane i Stord kommune 29.04.14. Stord kommune si forskrift om kringsgrenser<sup>25</sup> er vedlagt planen, samt tilgjengeleg via lenke til kommunen si nettside i fotnote under.

Uansett kva som vert rekna som nærskulen i høve til lov og forskrift, kan elevar etter opplæringslova § 8-1 tredje ledd søkja om å få gå på ein annan skule enn den elevane soknar til. I motsetjing til avgjerder etter § 8-1 første ledd, vil vedtak om å gå på ein annan skule enn nærskulen, jf. opplæringslova § 8-1 andre ledd, vera underlagt kommunen sitt «frie skjønn». Fylkesmannen sitt høve til å overprøva slike vedtak er avgrensa av den ulovfesta forvaltningsrettslege lære om misbruk av mynde.

---

<sup>24</sup> <https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Narskole-og-skolekretsgrenser/Narskoleprinsippet-og-skolekretsgrenser/>

<sup>25</sup>

<https://www.stord.kommune.no/getfile.php/4147800.2498.waszjkpuzl7tnq/Rettleiande-forskrift-om-kringsgrenser-for-grunnskulane-i-Stord-kommune.pdf>

## KART SOM SYNER RETTLEIANDE KRINGRENSER FOR GRUNNSKULANE I STORD KOMMUNE



### 2.14 Generelt om kapasitetsvurdering grunnskular

Eit sentralt prinsipp for kapasitetsvurdering har blitt endra sidan kommunen laga kapasitetsanalyse i 2012. Det finst ikkje lenger eit klassesdelingstal på 28 elevar per klasse på barnetrinnet og 30 elevar per klasse på ungdomstrinnet. Fylkesmannen i Vestland seier likevel at gamle klassesdelingstal framleis skal leggja føringar for vurdering av kva tid ein skule er full. Det er viktig å skilja omgrepet «full» i samband med den individuelle eleven sin rett til å gå på nærskulen, mot korleis ein definerer ein skule som full i samband med planlegging av ein berekraftig skulestruktur på lang sikt.

Elevane i grunnskulen vert i dag organiserte i årstrinn, og undervisninga skjer i fleksible grupper av ulik storleik. Alle elevane skal få tilpassa opplæring og eventuell tidleg innsats og intensiv opplæring ved trong for det. Lærartettleik vert rekna ut etter ei nasjonal norm. Dei fleste skulane har fått noko avgrensa kapasitet i høve sist skulebruksplan fordi det er trong for meir variasjon i læringsarenaar som er tilpassa innhaldet i læreplanane og undervisninga.

Kva tid ein skule er definert som «full» i nærskuleprinsippets forstand må vurderast ut frå bygningsmessig, pedagogisk og skjønsmessig perspektiv. Elevar som bur i krinsen må få gå på nærskulen så sant det kan la seg gjere. Skulen er ikkje full bygningsmessig før alle tiltak er prøvd. Når ein planlegg i høve berekraftig skulestruktur derimot, må ein ta omsyn til at skulane skal kunna nytta spesialrom i fag for å kunna oppfylla læreplanane. Ein må og ha moglegheit for å organisera undervisninga i større og mindre grupper ut frå pedagogisk skjønn. Prosjektgruppa konkluderer med at «full skule» kan vera to ulike sider av same sak; i nærskuleprinsippets forstand og i planlegging av berekraftig framtidig grunnskulestruktur.

### Bygningsmessig vurdering

Ut frå ei bygningsmessig vurdering skal alle rom takast i bruk før ein skule er definert som full; ein skal utnytta alle klasserom når dei ikkje er i bruk, til dømes med såkalla «vandreklassar», samt ta i bruk spesialrom som vanlege klasserom. Det er tydelege retningsliner juridisk i høve forskrift om kringsgrenser og kapasitet. Alle moglege løysingar skal bli prøvd før ein kan senda elevar til naboskular.

### Pedagogisk vurdering

Kommunen har plikt til å gi elevane eit forsvarleg undervisningstilbod. Korleis skal me definera «forsvarleg»? Nynorskordboka <sup>26</sup>definerer forsvarleg som «tilrådeleg, god nok, trygg». Undervisningstilbodet må vera godt nok i høve opplæringslova med forskrifter, til dømes læreplan.

Frå eit pedagogisk perspektiv skal elevane oppleve varierte læringsareal, og areal/rom skal nyttast til det føremål som er tenkt. Det er sjølvstøtt at symjeopplæring må vera i eit tilpassa basseng, og at bassenget ikkje kan nyttast som vanleg klasserom, men dette gjeld og for musikkrom, kunst- & handverksal, skulebibliotek osv. For å undervisa på faget sine premiss, treng skulane spesialrom som kan vera tilgjengelege for alle elevgrupper slik at alle får eit tilfredsstillande læringsutbyte i alle fag. Eit forsvarleg undervisningstilbod når me definerer berekraftig kapasitet skal omfatta tilgjengelege spesialrom slik at elevane kan få opplæring på alle fag sine premiss.

### Skjønsmessig vurdering

Sårbare elevar vil ikkje takla å vera i «vandreklasse» utan fast base/klasserom dersom det ikkje er nok klasserom. Kommunen må ha dei mest sårbare barna/ungdomane i tankane, og skuleeigar skal laga rammer for eit trygt og godt skulemiljø for alle. Nokre elevar treng ro og strukturar meir enn andre for å lukkast i fellesskapet. Berekraft er meir enn bygning.

### Naudsynt buffer

Alle framskrivingar er hefta med usikkerheit, og elevtalsprognosane byggjer på føresetnader som er svært usikre. Dersom ein difor planlegg skulekapasiteten for tett på elevtalsframskrivingane, kan ein lett koma i ein situasjon der skular blir fulle.

Det er difor naudsynt å leggja til ein buffer mellom forventta elevtal og kapasiteten ved den einskilde skule, eller eventuelt å ha klar ein plan for kva tiltak som blir sett i verk dersom ein skule blir full.

## 2.15 Kostnadar skuledrift Stord kommune

### 2.15.1 Drift

Stortinget har vedteke ei norm for lærartettleik på 1.-10. trinn. For å oppfylla lærarnorma skal det vera ein lærar per 15 elevar på 1.-4. trinn og ein lærar per 20 elevar på 5.-7. og 8.-10. trinn.

Lærarnorma har for Stord kommune medført at dei største skulane får ein auke i ressursar til pedagogar samanlikna med vår tidlegare budsjetterings-modell, medan dei minste skulane kan koma i ein situasjon der dei ikkje har ressursar til ein lærar på kvart trinn. Døme her er Langeland skule som i budsjett for 2020 får 3,1 mill. kr. meir enn dei ville fått etter gamal modell, medan Sagvåg og Litlabø skular ikkje har ressursar til ei

---

<sup>26</sup> Nynorskordboka <https://ordbok.uib.no>



heil lærarstilling på kvart trinn. Sagvåg og Litlabø skular har i budsjettet for 2020 fått tilført ekstra midlar ut over lærarnorma slik at dei har ei heil stilling per trinn.

Stord kommune har ein budsjetteringsmodell for grunnskulane som i tillegg til å leggja til grunn lærarnorma og gir eit kronebeløp til kvar skule på bakgrunn av tal elevar (elevressursen).

Elevressursen er meint for skulane mellom anna til å styrka opplæringa gjennom ulike tiltak til einskildelevar, sikra at elevar får eit trygt og godt læringsmiljø, vikar ved sjukefråvær, administrasjon, og tidleg innsats og spesialundervisning i lite til moderat omfang.

Elevressursen var i 2019 på kr. 6 460 per elev, og med ein prisvekst på 3,5 prosent ville elevressursen i 2020 vore kr. 6 686 per elev. Stord kommune har i år valt ein differensiert elevressurs. Det vil seia at skulane får kr. 6 686 per elev opp til og med 200 elevar og kr. 4 000 for kvar elev fleire enn 200.

Budsjetta til grunnskulane i Stord vert med andre ord kvart år i hovudsak «bygde opp» etter tal elevar slik at

- ein kan innfri lærarnorma,
- disponera eit kronebeløp per elev (elevressursen),
- ha ressursar til ei 100 prosent leiarstilling (tilsvarande rektor si løn) og ressursar til ekstra administrasjon som vert fordelt ut frå tal elevar med ei maks grense på 100 prosent.

Tabellen under syner døme på dette for budsjettåret 2020.

### Fordeling av ressursar til budsjettering barneskulane i Stord kommune

	Langeland		Leirvik		Rommetveit		Hystad		Tjødnaio		Sagvåg		Litlabø	
	Vår	Haust	Vår	Haust	Vår	Haust	Vår	Haust	Vår	Haust	Vår	Haust	Vår	Haust
<b>Samla tal elevar ved skulen kalenderåret 2020</b>	411	413	353	374	237	232	271	283	203	194	146	153	126	125
<b>Stillingsheimlar/pedagogar etter lærarnorm 1-4 .trinn</b>	16,2	15,6	12,8	13	8,8	8,53	10,27	10,6	7,3	6,93	6	5,67	5,33	4,67
<b>Stillingsheimlar/pedagogar etter lærarnorm 5.-7. trinn</b>	8,4	8,95	8,05	8,95	5,25	5,2	5,85	6,2	4,8	4,5	3,0	3,4	3,0	3,0
<b>Budsjettert grunnressurs til lærarnorm, inkludert kontaktlærar</b>	15 618 211		14 047 1771		8 850 319		10 526 812		7 423 747		5 955 096		4 989 757	
<b>Differensiert elevressurs</b>	2 217 588		1 997 317		1 497 429		1 641 601		1 360 240		995 657		842 436	

Tabellen under syner budsjettering for ungdomstrinnet budsjettåret 2020.

### Fordeling av ressursar til budsjettering ungdomsskulane i Stord kommune

	Stord ungdomsskule		Nysæter		Nordbygdo	
	Vår	Haust	Vår	Haust	Vår	Haust
<b>Samla tal elevar på skulen kalenderåret 2020</b>	328		321		225	
<b>Stillingsheimlar/pedagogar etter lærarnorm 8.-10.trinn</b>	16,4	16,05	9,15	8,95	11,25	11,3
<b>Budsjettert grunnressurs for lærarnorm, inkludert kontaktlærar</b>	13 703 043		7 383 277		9 699 606	
<b>Differensiert elevressurs</b>	1 861 174		1 212 395		1 443 670	

Individuelle rettar som elevar har til mellom anna spesialundervisning, særskilt norskopplæring og teiknspråkopplæring vert handsama ut frå søknadar.

#### Skulefritidsordning (SFO) til sjølvkost

Kommunestyret vedtok i 2015, i sak 18/15, at SFO skal drivast etter sjølvkostprinsippet. Vedtektene vart gjort gjeldande frå og med 1. august 2015 og definerer m.a. minimum vaksentettleik på ein vaksen per 15 barn. Stord kommune driv SFO ved alle barneskulane. Desse er eitt sjølvkostområde og ressursane vert delt mellom dei ulike SFO-ane. Det er stor forskjell i tal elevar som nyttar SFO ved dei ulike skulane.

Erfaring syner at dette er krevjande og at ein i periodar har hatt behov for å tilsetja fleire vaksne for å ha ei forsvarleg drift. Det er ikkje rom for å auka bemanning dersom ein skal driva etter sjølvkostprinsippet. Kostnaden med SFO-tilbod til barn med funksjonshemming vert ikkje ført på sjølvkostområdet.

### 2.15.2 Vedlikehald av skulebygg

Kostnader per skulebygg kan variera frå år til år<sup>27</sup>. Det er avhengig av om det har vore gjennomført større vedlikehaldsarbeid på det aktuelle bygget. Av faste kostnader er det reinhald og vaktmeistertjenester som gir størst utslag. Tabellen under syner ei oversikt over kostnader per skulebygg i 2018 med kommentarar frå Stord kommunale eigedom (SKE).

#### Oversikt over kostnader pr. skulebygg i 2018

Areal (m <sup>2</sup> )	Objekt	Direkte førte kostnader	Kostnader etter fordelingsnøkkel	Totale kostnader
3 610	Rommetveit skule	283 268	1 019 983	1 303 251
4 100	Hystad skule	386 533	1 158 429	1 544 962
4 510	Leirvik skule	418 077	1 274 272	1 692 349
4 547	Langeland skule	362 332	1 284 726	1 647 058
3 840	Tjødnalio skule	350 250	1 084 968	1 435 218
1 571	Litlabø skule	158 690	443 876	602 566
3 300	Sagvåg skule (1)	804 026	932 394	1 736 420
3 790	Nordbygda ungdomskule	320 442	1 070 841	1 391 283
5 408	Stord ungdomskule (2)	225 900	1 527 996	1 753 896
4 239	Nysæter ungdomskule	537 616	1 197 703	1 735 319
<b>Totalt</b>		<b>3 847 134</b>	<b>10 995 187</b>	<b>14 842 321</b>

\*alle beløp ekskl. mva

I tabellen over er det delt inn i to kolonnar med kostnader. Direkteførte kostnader og kostnader etter fordelingsnøkkel.

Direkteførte kostnader er alle varer som er kjøpt til det aktuelle bygget. I kolumna for kostnader etter fordelingsnøkkel er det lønn til reinhald og vaktmeistertjenester som er fordelt etter areal på bygga.

- (1) Ein ser at Sagvåg skule har ein høg sum i direkteførte kostnader. Dette er pga. at denne skulen vart malt i 2018.
- (2) Stord u. skule har høg kostnad etter fordelingsnøkkel, dette er pga. det store arealet denne skulen har.

Dersom ein legg saman kostnadane til drift og vedlikehald for kvart område, vil oversikta sjå slik ut (alle beløp i mill. kr.):

<sup>27</sup> Vedlegg: Vedlikehaldsplan for skulebygg 2019-2028 med vedlegg

### Kostnader barneskular per eining (rekneskap 2018) fordelte på område

(Tal i mill. kr.)

Område	Kostnader vedlikehald barneskulane/ Stord kommunale eigedom				Kostnader drift barneskulane (inkl. teiknspråksundervisning, ekskl. SFO)			
	Sagvåg	Sagvåg 1,7	Litlabø 0,6	Tjødnalio 1,4	Sagvåg 3,7	Sagvåg 15,6 (teikn- språk)	Litlabø 11,1	Tjødnalio 20,1
Sentrum	Leirvik 1,7	Langeland 1,65		Sentrum 3,4	Leirvik 30,7	Langeland 31,8		Sentrum 62,5
Nordbygdo	Hystad 1,5	Romme- tveit 1,3		Nordbygdo 2,8	Hystad 22,8	Romme- tveit 21,6		Nordbygdo 44,4
Barneskulane Stord kommune				Samla 9,9				Samla 153,7

### Kostnader ungdomsskular per eining (rekneskap 2018) fordelte på område

(Tal i mill. kr.)

Område	Kostnader vedlikehald ungdomsskulane/ Stord kommunale eigedom	Kostnader drift ungdomsskulane
Sagvåg	Nysæter (NUS) 1,7	Nysæter (NUS) 15,6
Sentrum	Stord (SUS) 1,8	Stord (SUS) 30,8
Nordbygdo	Nordbygdo (NOR) 1,4	Nordbygdo (NOR) 20,1
Ungdomsskulane Stord kommune	Samla 4,9	Samla 66,5

#### 2.15.3 Skuleskyss

Elevar på 1. trinn får skyss når skulevegen er lenger enn 2 km, og eldre elevar får skyss over 4 km. I tillegg har nokre elevar skyss/vinterskyss grunna farleg skuleveg.

Skuleskyss grunna avstand til skulen vert dekkja av fylkeskommunen; farleg skuleveg er det kommunen som betalar. Stord kommune har om lag 3,7 mill. kr. i skyssutgifter årleg.

## 2.16 Generelt om handsaming saker om nedlegging og/eller endring i kringsgrenser

Nedlegging av ein skule vil føra til store endringar for mange elevar, og det vert ofte stort engasjement for å behalda nærskulen. Det er viktig at sakshandsaming vert gjort grundig og på rett måte, og at elevane og familiane i krinsane sine synspunkt kjem fram. Vedtak om skulenedlegging vil naturleg medføra endring i kringsgrenser. Rettsleg sett er skulenedlegging og nye kringsgrenser to saker når kommunen har utarbeidd ei forskrift om kringsgrenser, slik Stord har. Sak om nedlegging og sak om forskriftsendring kan sendast på høyring på likt, men dei skal handsamast som to saker.

Endring i kringsgrenser som ikkje skuldast nedlegging, må handsamast i eiga sak.

Barnet sitt beste må vera vurdert, og i Utdanningsdirektoratet sitt rundskriv *Behandlingen av saker om skulenedleggelse og kretsgrenser Udir-2-2012*<sup>28</sup>, vert det presisert at kommunestyret skal ha rimeleg kjennskap til synspunkta til dei som vert råka av nedlegging før det vert gjort eit vedtak.

---

<sup>28</sup> Utdanningsdirektoratet. 15.03.2012. Behandlingen av saker om skulenedleggelse og kretsgrenser Udir-2-2012. <https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Narskole-og-skolekretsgrenser/Udir-2-2012---Behandlingen-av-saker-om-skulenedleggelse-og-kretsgrenser/>


### 3 Prognoser for elevtalsutvikling

Framskriving av elevtal i skulekrinsane er utarbeidd av Norconsult. Dersom føresetnadane i prognosen slår til, vil dette gi eit jamt veksande folketal i Stord kommune som i 2033 vil vera om lag 21 230.

Ein må vera klar over at dersom føresetnadane for prognoseutrekningane ikkje slår til, vil dei framtidige elevtala avvika frå prognosen. Dersom bustadbygginga i eit skuleområde vert vesentleg større eller mindre enn føresett, vil elevtalsveksten bli høvesvis større eller mindre enn elevtalsprognosen viser. Det er laga to alternative prognoser for Tjødnalio skuleområde, med og utan bustadbygging i Almås utmark.

Sjå Norconsult sin rapport <sup>29</sup>for meir informasjon om bakgrunn for utrekningane.

Tabellen under syner befolkningsprognose for Stord kommune. Merk at Norconsult sitt alternativ legg seg høgt i høve barn 1-2 år i åra 2023-2028 grunna bustadbygging (desse barna er ikkje fødde enno), og vidare i prognoseperioden midt mellom SSB sitt høge og låge alternativ, i tråd med hovudalternativet til SSB. SSB tek ikkje omsyn til bustadbygging slik Norconsult sin prognose gjer.



Prognosen baserer seg på ei prognose for realisering av bustadbygging som er utarbeidd av Stord kommune (sjå neste side).

<sup>29</sup> Vedlegg: Befolkningsprognoser Stord kommune – januar 2019

Skoleområde	Nye boliger som det er tatt høyde for i prognosen																Sum 2018-2033
	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	
Hystad	3	3	31	31	32	32	3	3	3	3	3	3	3	3	15	15	186
Langeland	4	37	41	24	49	43	29	29	29	29	29	29	29	29	29	29	488
Leirvik	61	52	33	35	36	25	10	10	10	10	10	10	10	10	31	31	384
Litlabø	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	16
Rommetveit	3	3	3	3	3	35	35	36	36	3	3	3	3	3	3	3	178
Sagvåg	1	1	1	1	14	14	14	14	14	14	14	14	14	14	6	6	156
Tjødnalio	2	2	2	2	49	49	49	49	37	37	49	49	49	49	26	26	526
Sum	75	99	112	97	184	199	141	142	130	97	109	109	109	109	111	111	1934

Kjelde: Stord kommune, januar 2019

Byggeprogrammet baserer seg på kjende bustadfelt i kommunen per januar 2019, der bygging pågår, ferdig planlagde/regulerte bustadfelt med sannsynleg oppstart relativt snart og bustadfelt i kommuneplanen. Det er og tatt høgde for litt fortetting og spreidd bustadbygging i eksisterande bustadområde (om lag 20 bustadar per år).

Bustadbyggeprogrammet er svært usikkert sidan realisering og tidspunkt for bustadprosjekt er bestemt av tiltakshavar. Endringar frå prognosen kan gje store utslag i elevtalsframskrivingane. Kommunen bør difor ta høgde for relativt store avvik, og sikra at det er rom for større elevtal enn prognosane viser. Ny kommuneplan kan opna for meir fortetting og setja av nye areal til bustadbygging som det ikkje er teke høgde for i bustadbyggeprogrammet.

Det er ikkje tatt høgde for generasjonsskifte i etablerte byggefelt, noko som kan gi fleire elevar enn framskrivingane seier. Dette kan eventuelt føra til fleire elevar, spesielt i sentrum.

Bustadbyggeprogrammet vidarefører eit relativt lågt tal for nye bustader dei nærmaste åra, medan «etterslepet» som ein kan anta at dette skapar vert teke igjen med høge bustadbyggegetal i åra etter 2021.

Tal nye bustader i kommunen over den samla perioden er om lag som forventa utifrå Statistisk sentralbyrå sine folketalsframskrivingar. Fordelinga mellom skulekrinsane er knytt til kva bustadprosjekt som blir realisert til kva tid, og er difor usikre. Hordaland fylkeskommune sine folketalsframskrivingar er lågare enn Statistisk sentralbyrå sine, noko som ville gjeve lågare elevtal framover.

Dei bustadfelta som er tatt høgde for i prognosen for dei ulike skuleområda, er vist i tabellen nedanfor:


	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	Sum
Vestlio (Hystad)			28	28	29	29											114
Hystad (Hystad)															12	12	24
Heiane sør del 1 (Langeland)		16	20	20	20	14											90
Heiane sør rest (Langeland)					25	25	25	25	25	25	25	25	25	25	25	25	300
Langlandsstølen (Langeland)		17	17														34
Austeråsen (Leirvik)															21	21	42
Teinevikjo (Leirvik)		27	10														37
Meierikvartalet (Leirvik)	34	10															10
Hamnetind bygg 1 (Leirvik)	22	10															10
Hamnetind bygg 2 og 3 (Leirvik)				12	12												24
Turnhallen (Leirvik)			7	7	8	8											30
Borggata Futurum (Leirvik)			11	11	11	12											45
Sentrumsplanen (Leirvik)							5	5	5	5	5	5	5	5	5	5	50
Sjoarbakken (Leirvik)			7	7	8	8											30
Tyse (Rommetveit)						32	32	33	33								130
Rukjen (Sagvåg)					13	13	13	13	13	13	13	13	13	13			130
Vikanes (Sagvåg)															5	5	10
Sagvågshagen (Tjødnalio)					12	12	12	12									48
Almås utmark (Tjødnalio)					35	35	35	35	35	35	35	35	35	35			350
Almås innmark (Tjødnalio)											12	12	12	12	12	12	72
Podlen (Tjødnalio)															12	12	24
<b>Sum</b>	<b>56</b>	<b>80</b>	<b>100</b>	<b>85</b>	<b>173</b>	<b>188</b>	<b>122</b>	<b>123</b>	<b>111</b>	<b>78</b>	<b>90</b>	<b>90</b>	<b>90</b>	<b>90</b>	<b>92</b>	<b>92</b>	<b>1604</b>

I prognosane er det ikkje tatt høgde for områda Hystadgardane og Leirvik sjø. Dette vil få følgjer for elevtal og kapasitet spesielt ved Hystad skule. Både Hystad skule og Nordbygdo ungdomsskule kan ta imot dei nye elevane på kvart trinn i høve første byggetrinn. På sikt vil Hystad skule nærma seg full og ein må ev. vurderer utviding av Hystad skule eller å byggja ein ny stor barneskule i område Nordbygdo; full utbygging i område Hystadgardane vil gi 138 fleire barn i alderen 5-14 år i Hystad skule og Nordbygdo ungdomsskule sine skulekrinsar. Kringsrensa mellom Hystad og Rommetveit er føreslått flytta nærmare midtlinja slik at alle elevane får tilbod om sin nærskule, og dette gir fleire elevar ved Hystad skule enn Norconsult sine framskrivingar syner.

### 3.1 Framskrivning elevtal - alle grunnskulane

Samla sett syner framskrivingane at elevtalet i grunnskulen vil halda seg relativt stabilt i heile prognoseperioden. Figuren nedanfor viser den prognostiserte utviklinga av samla elevtal i grunnskulane i Stord kommune.





### 3.2 Framskriving elevtal - enkeltskular


Figurane i kapittel 3.2 viser venta elevtalsutvikling ved dei ulike grunnskulane i kommunen.

På barnetrinnet syner prognosen at det er Tjødnalio skule (+174 elever) og Rommetveit skule (+63 elever) som kan venta størst auke i elevtal frå inneverande skuleår og utover i prognoseperioden; veksten er på 85% og 27% fram mot 2033. Rommetveit skule får sin vekst i siste halvdel av prognoseperioden, medan veksten på Tjødnalio startar litt tidlegare. Dersom det ikkje vert utbygging av bustadar i Almås utmark, vil den venta veksten ved Tjødnalio bli betydeleg lågare (+76 elever).


Langeland skule kan venta ein nedgang dei neste sju-åtte åra, men ei auke opp til dagens elevtal mot slutten av prognoseperioden. Sagvåg skule ser ut til å få ei tilsvarende utvikling. Leirvik skule kan venta eit relativt stabilt elevtal i heile perioden. Skulane Hystad (-41 elever) og Litlabø (-24 elever) kan venta ei negativ elevtalsutvikling utover i prognoseperioden samanlikna med elevtalet i inneverande skuleår.

For ungdomsskulane er det venta ein auke på 40 elevar ved Nysæter ungdomsskule (men berre åtte elevar utan nye bustader i Almås utmark). Stord ungdomsskule ser ut til å få stabil elevtalsutvikling, med unntak av ein forbigåande topp med 370-380 elever i perioden 2023/24-2025/26. Nordbygdo ungdomsskule vil truleg få ein litt meir varierende, men samtidig litt meir negativ utvikling på lang sikt, samanlikna med inneverande skuleår. Prognosen for Nordbygdo varierer mellom 200 og 240 elevar.

### 3.2.1 Hystad skule





### 3.2.2 Rommetveit skule




Merk at ved eventuell endring av kringsgrense mellom Hystad og Rommetveit skular vil Hystad få auka elevtal i staden for Rommetveit. Sjå kapittel 4 om vurderingstema.


### 3.2.3 Tjødnalio skule




### 3.2.4 Litlabø skule




### 3.2.5 Sagvåg skule




### 3.2.6 Langeland skule




### 3.2.7 Leirvik skule




### 3.2.8 Nordbygdø ungdomsskule




### 3.2.9 Nysæter ungdomsskule





### 3.2.10 Stord ungdomsskule



## 4 Vurderingstema

Kapittel 2 og 3 presenterte ei oppdatert oversikt over grunnskuleanlegga i Stord. I kapittel 4 vert ulike tema vurderte. Skuleanlegg omfattar fysisk miljø i både inne- og uteareal ved skulane.

Planprogrammet seier at kommunedelplan for skuleanlegg skal greia ut ulike vurderingstema som planen har samla i følgjande punkt:

- grunnskulestruktur og moglegheit for effektivisering av skuledrift, oppretting eller nedlegging av skular
  - varige løysingar for kringsgrenser
  - vedlikehald og utbetring av bygningar
  - uteareal og skuleveg
  - parkeringsforhold ved skulane
  - tomter tiltenkt skuleføremål
  - retningsliner for skulestorleik i Stord kommune
  - universell utforming
- (Det bør vurderast korleis kommunen legg til rette for inkluderande læringsmiljø gjennom praktisering av to teiknspråkskular, ordning med grupper for elevar med særskilte behov ved to skular og innføringsklassar ved to skular.)

I utgreiinga vil ein vurdere kva endringar som bør gjerast og kva konsekvensar eventuelle endringar vil få.

### 4.1 Skulestruktur barnetrinn

Kommunen treng rett bygg for læring på rett stad. Utnytting av areal og kapasitet i skuleanlegga må vurderast ut frå behovet kommunen til kvar tid har. Samstundes skal grunnskulestrukturen vera føreseieleg og langsiktig slik at kvardagen vert mest mogleg stabil for innbyggjarane. Dei eldste barna i barnehagane våre spelar inn forventingar om å få lesa på skulen og ha det gøy når dei lærer eller et mat i lag. Dei vil ha noko å klatra på ute, turna på turnmatte og ha rutsjebanar og reiler. Dei yngste innbyggjarane våre har kome med innspel til planen i medverknadsprosessen, og dei har positive forventingar til det å vera elev. Kommunen si oppgåve er å leggja til rette dei beste rammene for læring i høve fysisk miljø/skuleanlegg.

Det er fleire omsyn å ta om ein skal gjera endringar i kommunen sin grunnskulestruktur, mellom anna barnet sitt beste, skulen som nærmiljøanlegg, kostnad og effektivitet m.m. Tiltaksvurderinga i kommunedelplan for skuleanlegg skal sikra nok skuleareal og skulekapasitet for framtida, tilpassa elevtalsutviklinga som prognosane viser. Skuleanlegga våre skal vera funksjonelle og kostnadseffektive, og prioritering mellom anlegga må vera tilpassa den økonomiske røynda. Ein må definera kva som er eit «forsvarleg» undervisningstilbod i Stord kommune. Ei bygningsmessig vurdering aleine vil ikkje vera tilstrekkeleg; den pedagogiske og skjønsmessige vurderinga må og ligga til grunn.

Elevtalsframskrivingane syner forventna utvikling i elevtal, og kapasitetsvurderingane viser kor mange elevplassar som ikkje er nytta i dag, samt kor stor kapasitet dei ulike skulane vil ha fram mot 2033/34. Ein må og vera merksam på at kapasitetsvurdering kan variera frå år til år om skulen har elevar med spesielle behov og derfor trong for meir areal.



Resultat av kartlegging og kapasitetsvurdering stadfestar at skuleanlegga i Stord er ulike med tanke på storleik, alder og utforming.

I utgreiinga til sak PS 16/18 til komité for OUT 13.11.18 Kommunedelplan for skuleanlegg - skulebruksplanen - vedtak av planprogram, skreiv rådmannen mellom anna:

«Framlegg til budsjett for 2019 og økonomiplan for 2019-2022 viser at det er stramme rammer for drifta av Stord kommune dei neste åra. Rådmannen meiner difor at ein effektiv og rasjonell skulestruktur vil vera avgjerande for å ha høve til å setja av ressursar til det pedagogiske tilbodet i grunnskulen. Skulebruksplanen vil vera viktig for å leggja rammene for skuleanlegga i framtida.»

Det er ei utfordring å gi alle elevane på barnetrinnet eit likeverdig tilbod og utnytta kapasiteten til skuleanlegga best mogleg for å kunna driva god skule etter gjeldande læreplan med knappe økonomiske ressursar. Dersom kommunen vil effektivisera drift av skuleanlegg ved å leggja ned ein skule og nytta elevplassane ved dei andre skulane, må ein planleggja for ein kostnad med utviding av dei anlegga ein held fram med slik at det er nok elevplassar i 2033/34. Alternativt kan ein byggja nye skular med sentral plassering i krinsane som gjer at dei kan erstatta fleire eksisterande skular.

Ungdomstrinnet har ikkje dei same utfordringane som barnetrinnet når ny Nysæter ungdomsskule vert bygd. Kommunen vil då ha nye skuleanlegg for heile ungdomstrinnet i kommunen i tråd med elevtalsutviklinga, og det er ikkje trong for ei omfattande vurdering av skuleanlegga for ungdomstrinnet. Derfor er det ikkje laga nye kapasitetsvurderingar for ungdomsskulane i samband med denne kommunedelplanen. Planprogrammet seier at Nordbygdo ungdomsskule sin kapasitet skal vurderast i planen i høve elevtalsutvikling. Prognosane syner at elevtalet vil variera mellom 195 og 240 elevar. Skulen har kapasitet til  $90 \text{ elevar} \times 3 = 270 \text{ elevar}$ .

Ved etablering av nye skuleanlegg er det generelt ynskjeleg at dei ligg sentralt plasserte i sine område heller enn i randsonene av sitt område. Dette for å skapa varige løysingar for alle elevane. Det vert vanskeleg å effektivisera drift, til dømes ved å redusera tal på skular i Sagvåg når dei tre barneskulane ligg i kvar si randsonen av området. Av same grunn er det heller ikkje ynskjeleg å ha ein ny skule til på Heiane for å avlasta Langeland skule. Elevtalsframskrivingane frå Norconsult syner at elevtalet ved Langeland skule skal ned i 356 elevar i 2025/26, men skuleåret 2033/34 er elevtalet igjen estimert å vera oppe i 425 elevar.

Kommunen må ha nok elevplassar, men det er ikkje driftseffektivt å ha for stor kapasitet som ikkje vert nytta. Det same gjeld for barnehagane. Dersom ein ser barne- og elevtalsframskrivingane under eitt, kan det då verta aktuelt å planlegga einingar som er fleksible med omsyn til aldersgrupper? Det er vanskeleg å laga prognose for barn som ikkje er fødte. Kan ein bygga eit fleksibelt bygg ved ein allereie etablert skule som kan romma enten skuleelevar eller barnehagebarn, alt etter kva kommunen treng til kvar tid?

Ut frå elevtal, kompakt geografi og kommunen sitt inntektsgrunnlag kan ein tenkja seg at Stord kommune, i tråd med trenden om større skular, i teorien kunne ha fire barneskular og to ungdomsskular totalt. Kommunen kunne byggja ny stor barneskule i Sagvåg og ein ny skule i Nordbygdo, og fortsetja med to barneskular i sentrum som i dag. Eventuelt kunne det vera to skular i Sagvåg; Tjødnalio og ein ny skule i sentrum av Sagvåg.

#### 4.1.1 Økonomiske konsekvensar av endra grunnskulestruktur

Kva kostar det å driva skule i Stord i dag? Kva kan kommunen spara på å ha færre skuleanlegg?

I vår kommune vert om lag 96 prosent av grunnskulen sitt budsjett nytta til løn. Kommunen nyttar om lag 3,7 mill. kr. til skyss, 4,7 mill. kr. til skulelokale og 5,5 mill. kr. til funksjonshemma barn i skulefritidsordninga. Samla budsjett for grunnskule i 2019 var om lag 222,9 mill. kr. og 241,5 mill. kr. i 2020.

Stord kommune nyttar kr. 1 074 mindre på skule per innbyggjar enn landssnittet. Når me tek omsyn til kommunen sine inntekter, nyttar me kr. 236 mindre per innbyggjar enn landssnittet, korrigert for forskjellar i inntekter og utgiftsbehov. Ei av hovudutfordringane våre er at me nyttar relativt mykje pengar på renter og avdrag i forhold til andre kommunar, kr. 1 421 per innbyggjar meir enn landssnittet, korrigert for inntekter og utgiftsbehov. Investeringsbudsjettet for grunnskule fram til 2030 er på 320 mill. kr.

Ein kan konkludera med at Stord kommune allereie driv høvesvis effektivt i skulesektoren. Kan det likevel vera rom for innsparing og meir driftseffektivitet?

Med utgangspunkt i tal elevar 2018/19 og tilsette ved dei aktuelle skulane same år, vil det å slå saman til to skular i staden for tre i Sagvåg vil gi ei årleg innsparing i drift på om lag 1 mill. kr. I tillegg kjem reduserte kostnader med vedlikehald av skulebygg dei komande åra, jamfør vedlagt vedlikehaldsplan. Dersom ein må byggja ein ny skule i Sagvåg for å slå saman og erstatta to eller ev. tre skular, vil det ut frå tala ein har no krevja ein større kostnad i renteutgifter enn det ein ev. kan spara på å slå saman skular. Stord ungdomsskule kostar til dømes om lag 9,8 mill. kr. årleg i renter og avdrag.

Dersom samanslåing av skular vert aktuelt, må ein i vurderinga ta omsyn til at det skal vera gode arbeidstilhøve for dei tilsette ved skulane. I dag er det generelt lite areal til arbeidsrom og garderobar, og dei fleste skulane melder at dei har eitt møterom tilgjengeleg på dagtid. Ei utviding som følgje av samanslåing vil krevja investering i arbeidsrom/arbeidsmiljø for dei vaksne. Ein kan ikkje vurdere elevkapasitet aleine når ein skal vurdere skulestruktur.

PricewaterhouseCoopers (PwC) har i sin rapport estimert eit årleg teoretisk innsparingspotensiale på 10 – 20 mill. kr. ved endring av skulestrukturen. Dei skriv samstundes at tala er usikre og at dette er ei langsiktig innsparingsmoglegheit med meir effektiv bruk av lærarressursane.

#### 4.1.2 Konsekvensar av endra skulestruktur for elevar og nærmiljø

Ei endring i tal på skuleanlegg vil på kort sikt føra til store endringar for dei elevane og familiane som vert direkte råka av eventuell nedlegging og skulebyte. Planen greier likevel ut ein alternativ skulestruktur i høve utnytting av den ledige kapasiteten nokre skuleanlegg har per i dag, sidan Stord kommune har ein krevjande økonomisk situasjon.

Elevar og familiane deira gir i ulike samanhengar uttrykk for kor viktig skulen er for tilhøyrslø og nærmiljø. Stord kommune jobbar for eit trygt og inkluderande læringsmiljø for alle barn og unge. Dei minste skulane vert nytta som grendahus og alle har utleige i varierende grad på kveldstid og i helger.

Sosial interaksjon og sosiale nettverk er to viktige dimensjonar for sosialt berekraftige lokalsamfunn. Svake relasjonar utviklar seg når folk møtast tilfeldig, og desse nettverka spelar ei stor rolle i tilknytninga til lokalsamfunnet fordi dei skaper eit moglegheitsrom for sosiale aktivitetar. Det er difor viktig at det blir etablert fysiske møteplassar både for at nettverka skal oppstå og for at dei skal veksa seg sterkare. Skule og barnehage spelar ei spesielt viktig rolle i å skapa rom for at menneske med ulik bakgrunn kan møtast og

etablera sosiale relasjonar, både i og utanfor «opningstida» (D. Baer, 2018, i SINTEF Fag sin rapport).<sup>30</sup>

Folk treng ulike sosiale fellesskap, både det nære nabofellesskapet og fellesskap i nærmiljøet/lokalsamfunnet. Internasjonal forskning understrekar verdien av fellesskap for sosialt berekraftige samfunn. Gro Sandkjær Hansen, ved Norsk institutt for by- og regionsforskning (NIBR), har forska på at ulike fellesskap treng ulike offentlege rom. Skule er ein naturleg møteplass i eit nærmiljø og difor ei viktig brikke for den sosiale berekrafta.

I ein overgang som følgje av eventuell nedlegging av ein skule, må det vera fokus på og løyvast ressursar til arbeid med å skapa tilhøyrse i ny skulekrins.

#### 4.1.3 Konsekvensar av endra skulestruktur for tilsette og arbeidsmiljø

Lærarane kan oppleva ulike utfordringar i sitt arbeidsmiljø. I høve kommunedelplan for skuleanlegg er det spesielt to faktorar som kan gi tilsette ein vanskeleg arbeidskvardag: 1) manglande ressursar/læringsarenaar kan gi lite handlingsrom til å oppfylle måla i læreplanen og 2) fysisk lite areal til kvar individuell arbeidsplass kombinert med støy, dårleg ventilasjon og/eller mangel på møterom. Fleire av arbeidsplassane til lærarane i Stord er prega av dette, med unntak av dei heilt nyaste skulane.

Skuleleiarar, lærarar, barne- og ungdomsarbeidarar og reinhaldarar har per i dag tilsetjing i kommunen og kan ved ei eventuell nedlegging av ein arbeidsstad få tilbod om stilling ved anna eining i kommunen, om ein ikkje går til oppseiingar.

Ved ei eventuell samanslåing av to skular, må ein utbetra arbeidsplassane slik at det vert areal og tilfredsstillande arbeidstilhøve for alle dei tilsette ved skulen. Det vil krevja ein økonomisk kostnad å inkludera fleire lærarar i eit allereie etablert fellesskap med mangel på areal til individuelle arbeidsplassar, garderober og møterom frå før, noko ein må ta høgde for i vurdering av endra grunnskulestruktur og meir effektiv utnytting av kapasitet.

I høve fagmiljø og profesjonsfellesskap vil det ikkje vera ei ulempe å vera del av eit større personale. Det vil gi fleire moglegheiter for spesialisering og fleire kolleger å samarbeida med om undervisning og skuleutvikling grunna større lærarteam på både trinn og hovudtrinn.

Lærarar som trivst vert trygge i lærarrolla. Ved byte av arbeidsplass vil det vera trong for arbeid med psykososialt miljø og inkludering i det vaksne arbeidsmiljøet.

#### 4.1.4 Konsekvensar for folkehelse

Skulen er for mange ein lokal møteplass og eit viktig bindeledd til nærmiljøet. Ei eventuell nedlegging av ein skule kan gi svekka tilhøyrse, stadidentitet og sosial deltaking både for elevar, foreldre og innbyggjarane generelt. Dette fører til auka risiko for redusert helse og forsterkar utanforskap. Lengre skuleveg fører til auka biltransport og tap av dei helsefremjande effektane å gå/sykla til skulen gir.

Erfaring viser at utryggleik knytt til framtidig skulestruktur fører til psykisk stress for familiane. Det er difor viktig at skulestrukturen er føreseieleg og tydeleg.

---

<sup>30</sup> SINTEF Fag. 2018. *Fra universelt utformede bygg til inkluderende områdeutvikling*  
<file:///C:/Users/37290/Downloads/SINTEF+Fag+50.pdf>

#### 4.1.5 Konsekvensar for klima og miljø

Nyare skulebygg kan ha meir klimavenlege løysingar. Samtidig er det viktig med gjenbruk av eksisterande bygningsmasse. Skulestrukturen bør leggja til rette for at flest mogleg vel å gå/sykle eller bruka kollektiv transport.

#### 4.1.6 Moglege løysingar for dei tre skulekrinsane

Kva realistiske moglegheiter finst med tanke på driftseffektiviteten som vert kravd i Stord kommune i dag?

I følgjande tre avsnitt vert kvart av dei tre områda analysert i høve framtidig skulestruktur og kapasitet; sentrum, Sagvåg og Nordbygdo.

##### Sentrum

Barneskulane i sentrum har som nemnt for liten kapasitet. Ved Langeland og Leirvik skular er det om lag 750 elevar. Forstudien om utviding av skulekapasitet i sentrum syner at dei to skulane treng utviding av både inne- og uteareal. I sentrum finst berre ei løysing - utbetring og utviding. Skulane i sentrum treng oppgraderte læringsarenaer i høve komande fagfornyng og undervisning på faga sine premiss, slik at alle elevane får eit forsvarleg undervisningstilbod.

Det er utarbeidd ulike alternative forprosjekt/modellar for Langeland og Leirvik skule<sup>31</sup>. Utviding av Langeland skule og utbetring/utviding ved Leirvik skule, eventuell ombygging av Stord vidaregåande skule, avdeling Saghaugen<sup>32</sup>, kan ein lesa meir om i forstudien om skulekapasitet i sentrum. Det er per i dag ikkje avgjort om kommunen skal overta skuleanlegget på Saghaugen frå Fylkeskommunen.

Langeland skule ligg inne i budsjett for 2020 med ny gymsal og at dagens gymsal skal byggjast om til tre klasserom, noko som vil gi auka kapasitet ved Langeland skule slik at dei kan nytta alle spesialrom ved skulen. Tal på elevar ved Langeland skule skal minka til 356 elevar i 2025/26, før det igjen aukar til 425 elevar i 2033/34.

Leirvik skule ligg nokså stabilt på same elevtal i heile prognoseperioden, etter ein topp komande skuleår med 385 elevar. Det hastar med utviding og utbetring ved Leirvik skule, og alternative løysingar er å utvida Leirvik skule eller eventuelt flytta Leirvik skule til Saghaugen.

##### Sagvåg

Barneskulane i Sagvåg har noko ledig areal (25 %) i høve dagens elevtal om ein vurderer dei tre skulane sin kapasitet samla sett. Det er om lag 500 elevar på barnetrinnet per i dag, og dei tre skulane har kapasitet til 630 elevar til saman. Dette gjeld både inne- og uteareal, jamfør kapasitetsvurderinga som er utarbeidd. Norconsult skisserer derimot to ulike alternative elevtalsframskrivingar for Tjødnalio skulekrins. Alternativa gir ein variasjon i elevtal i 2033/34 på om lag 100 elevar, og Tjødnalio skule vil nærma seg full eller ha for liten kapasitet om det vert bustadar i Almås utmark.

---

<sup>31</sup> Vedlegg: Forstudie - utviding av skulekapasiteten i sentrum

<sup>32</sup> Stord vaksenopplæring og delar av kulturskulen (som har undervisning i leigde lokale) kan få noko areal dersom fylkeskommunen sitt skuleanlegg avdeling Saghaugen eventuelt skal byggast om frå vidaregåande skule til barneskule. Då vil det ev. vera ledig kapasitet til fleire enn barneskuleelevane i Leirvik skulekrins.

Tjødnalio skule har i dag 204 elevar, og dette skuleanlegget har kapasitet til opp mot 315 elevar<sup>33</sup>. Tjødnalio skule vil auka elevtalet til 378 elevar dersom det vert starta planlagd utbygging i Almås utmark. I 2033/34 vil Tjødnalio med utbygging av Almås utmark ha 63 elevar for mange i høve dagens kapasitet. Dersom Almås ikkje skulle verta bygd ut i tråd med planane, er elevtalet ved Tjødnalio estimert til 280 elevar skuleåret 2033/34. Då vil Tjødnalio skulekrins aleine fylla 89 prosent av kapasiteten til skulen, og det vil vera 35 ledige elevplassar.

Sagvåg og Litlabø skular har høvesvis 148 og 124 elevar; med kapasitet til høvesvis 165 og 150 elevar. Prognosane syner at Litlabø vil få færre elevar fram mot 2033, medan Sagvåg nokre år får færre elevar før det er venta ein auke tilbake til dagens elevtal.


Det er kapasitet åtte år fram i tid til å ha to barneskular i staden for tre i område Sagvåg. Det er to barneskular i kvart av dei andre områda i kommunen, men dei tre skulekrinsane i Sagvåg skil seg ut i høve omland og lokalisering av skulane; skulane har eit mykje større omland og busetnad er spreidd over eit større område enn på austsida av øya. Ved ev. nedlegging av til dømes Litlabø, vil nokre elevar få kortare veg til nærskule på Leirvik i høve Tjødnalio eller Sagvåg skular.

Det er areal nok til eit byggetrinn 2 ved Sagvåg skule. Illustrasjonen under syner arkitektane sin illustrasjon av eit ev. byggetrinn 2 ved Sagvåg skule med stipla linje.

Ved ei eventuell utbygging av Sagvåg skule kan ein vurdera eit fleksibelt bygg som kan romma enten dei yngste elevane eller barnehagebarn justert etter kommunen sin trong for areal til kvar tid. Ein vil då byggja ut ein skule som ligg i randsona av dei folketette områda i Sagvåg, noko som gjev lengre skuleveg for store delar av elevmassen.

---

<sup>33</sup> Vedlegg



Utan bustadar i Almås utmark vil barneskulane i 2033/34 ha til saman 501 elevar på Tjødnalio og Sagvåg eller Litlabø skular. Kapasiteten til to av skulane vil vera om lag 480 elevar og skulane vil vera fulle med trong for utviding dersom elevane skal få eit forsvarleg undervisningstilbod.

Med bustadar i Almås utmark vil dagens tre skulekrinsar få 599 elevar til saman i 2033/34, og dei vil ha om lag 130 elevplassar for få om dei skulle bli to skulekrinsar i staden for tre.

Berekraftig skulestruktur er meir omfangsrikt enn sjølve bygningane. Eit grunnleggjande omsyn er barnets beste, jamfør artikkel 3 i Barnekonvensjonen<sup>34</sup>. Alle elevar skal ha ein trygg skulekvardag. Alle elevar skal ha medverknad i prosessar som medfører eventuelle endringar som vil råka dei. Det vil ikkje vera mogleg å synleggjera konsekvens for kvar enkelt elev av å få ny nærskule som følgje av endring i skulestruktur. For nokre elevar vil ei endring vera greitt, medan andre vil finna nytt læringsmiljø meir utfordrande. Nokre elevar vil oppleve større forhold og moglegheit for fleire venerelasjonar som positivt. For andre kan ein større skule vera meir krevjande og utrygg å orientera seg i. Dei mest sårbare elevane treng ro, struktur og føreseieleg skulekvardag.

Alternativ:

0) Halda fram med tre skular som i dag

<sup>34</sup> Barneombudet. Artikkel 3 - Barnets beste. <https://barneombudet.no/dine-rettigheter/barnekonvensjonen/artikkel-3/artikkel-3-barnets-beste-fulltekst/>

- 1) Behalda Tjødnalio og leggja ned anten Sagvåg eller Litlabø og utvida den ein held fram med
- 2) Behalda Tjødnalio og bygga ein ny barneskule sentralt i Sagvåg til erstatning for skulane Sagvåg og Litlabø

### Nordbygdo

Barneskulane i Nordbygdo har per i dag om lag 500 elevar. Kapasitetsvurderinga syner at Rommetveit og Hystad skular til saman har plass til 610 elevar.

Prognosane syner at det vert ein auke i tal på elevar i det som er dagens Rommetveit skulekrins, slik at skulane til saman kan få mellom 500 og 550 elevar i 2026/27 og 2033/34. Det er derfor ikkje eit alternativ å ha berre ein barneskule i Nordbygdo i eit av dei noverande skuleanlegga.

Det er viktig å merka seg at kringsrensa mellom Hystad og Rommetveit skule i dag ikkje vert praktisert i samsvar med nærskuleprinsippet og at fleire elevar har rett til å gå på Hystad skule som sin nærskule dersom dei ynskjer det. Dette er ein praksis som har lang tradisjon og det er ingenting til hinder for å fortsetja med ei slik kringsrense. Dersom ein eventuelt endrar kringsrensa mellom Hystad og Rommetveit skular i tråd med nærskuleprinsippet, vil auken i elevtal grunna utbygging på Tyse koma på Hystad skule i staden for delt på Hystad og Rommetveit skular. Då vil ikkje Rommetveit skule få den elevtalsutviklinga Norconsult skisserer, og Hystad skule kan på eit tidspunkt verta full.

Eit større skuleanlegg, bygd med tanke på å ha ein barneskule i Nordbygdo i framtida, kan vurderast dersom det vert bygd ein ny skule med stor kapasitet (600+ elevar).

Alternativ:

- 0) Halda fram med to skular som i dag og utvida Hystad skule når/dersom den vert full
- 1) Slå saman barneskulane og bygga ein stor barneskule i Nordbygdo

## **Konklusjon**

Stord kommune held fram med den skulestrukturen kommunen har i dag.

### Sentrum

I sentrum skulekrins skal det avklarast om Stord kommune kjøper Stord vidaregåande skule, avdeling Saghaugen. Skulebruksplanen konkluderer ikkje på dette punktet. Ein legg til grunn at det i framtida skal vera to skular i sentrum krins.

### Sagvåg

Mandatet til prosjektgruppa var å greia ut ein rasjonell og effektiv skulestruktur i Stord. Utgreiinga syner at det vil vera mogleg, både kostnads- og arealeffektivt nokre få år fram i tid, å sameina tre skular til to i Sagvåg. I høve utgreiinga vil kommunen då kunna spara om lag 1 mill. kr. i årleg drift, samt vedlikehaldskostnader. Om ein vel å redusera tal på skular og skulekrinsar i Sagvågsområdet, vil ikkje kommunen ha plass til alle elevane i område Sagvåg dersom utbygging av Almås utmark og Norconsult sin prognose for skuleåret 2033/34 vert ein realitet. Det vil i 2033/34 ikkje vera kapasitet ved to skular til å ta imot alle elevane i området utan utviding av skuleanlegga. Då må det eventuelt setjast av pengar til utviding i komande budsjett slik at skulane er rigga for å gi elevane i skulekrinsane eit forsvarleg undervisningstilbod.

Alternativet med å leggja ned to skular og byggja ein samla skule sentralt i Sagvåg vil vera framtidsretta og driftseffektivt, men blir lagt vekk på grunn av at kommunen ikkje har økonomi til investeringa.

Alle skulane har i tillegg til opplæring funksjon som nærmiljøanlegg. Det er relativt lite å spara økonomisk på ei nedlegging sett opp mot endring av nærskule for ei stor gruppe elevar og familiarne deira.

Skulebruksplanen legg difor til grunn alternativ 0 – dagens skulestruktur.

### Nordbygdo

Dersom ein skal slå saman barneskulane til ein stor skule, vil det gje investeringskostnader som er større enn rasjonaliseringsinnsparinga. Skulen ville og bli svært stor. Alternativ 0 – dagens skulestruktur ligg difor til grunn.

## 4.2 Krinsgrenser og nærskuleprinsippet

### 4.2.1 Krinsgrense mellom Langeland skule og Tjødnalio skule

Skulekrinsane Langeland og Tjødnalio er per i dag delt ved E39. Det er ledig kapasitet ved Tjødnalio skule, medan Langeland skule har for liten kapasitet. Det ligg inne i budsjett for 2020 at Langeland skal få ny gymsal og at dagens gymsal skal byggjast om til tre klasserom, noko som vil gi auka kapasitet ved Langeland skule.

I komite for oppvekst og utdanning sitt vedtak i PS 16/18 den 13.11.18 står det at:

«Komite for oppvekst og utdanning vedtek planprogram for kommunedelplan for skuleanlegg – skulebruksplan – med endringar etter offentleg ettersyn som framlagt.



Komiteen ynskjer at ein i planprogrammet også vurderer konsekvensane av ei anna regulering av grensene for opptaksområda mellom Langeland og Tjødnalio enn E39.»

Ulike alternativ til E39 har tidlegare vore drøfta i utval og kommunestyre. Konsekvensen av ei anna regulering enn E39 som kringsgrense mellom desse to skulane, vert at dei elevane som kommunen ev. flyttar til Tjødnalio skulekrins likevel kan søka seg tilbake til nærskulen, i dette høve Langeland, dersom den ligg nærmare heimen og topografien tilseier at skulevegen til Langeland er greitt tilrettelagd. Kommunen si forskrift om kringsgrenser skal vera i samsvar med nærskuleprinsippet.

#### 4.2.2 Kringsgrenser i område Sagvåg

Med bakgrunn i fleire søknadar om skulebyte frå Tjødnalio til Sagvåg skule, vil det vera naturleg å justera kringsrensa mellom Tjødnalio og Sagvåg skular til å ligga ved Sagvågsbrua. Eit slikt forslag vil medføra at kringsrensa fell saman med etablert praksis, og elevane i Smette terrasse og Buneset vil høyra til Sagvåg skulekrins.



Gjeldande kringsrense i **raudt**; skissert forslag i **blått**


Dersom det skulle verta endringar i skulestrukturen i Sagvågsområdet, kan elevane ved Sagvåg eller Litlabø samlast på den skulen som blir att eller gå på Tjødnalio skule. Dersom til dømes Litlabø skule skulle verta nedlagt, vil det for elevane på Stuva vera naturleg å ha Leirvik skule som skulekrins.

#### 4.2.3 Kringsrense i område Nordbygd


Fleire elevar ved Hystad skule soknar i høve forskrift om kringsgrenser i Stord kommune til Rommetveit skule. Dei har fått byta til Hystad skule fordi dei har kortare skuleveg dit enn til Rommetveit. Det er ynskjeleg at kringsrensa vert justert noko meir mot midtlinja mellom skulane, slik kringsane er definerte mest mogleg i tråd med nærskuleprinsippet. Tysemarkjo og Dalen høyrer meir naturleg til Hystad skulekrins enn Rommetveit. Sjølv om midtlinja går litt lenger nord, vil topografien tilseia at kringsrensa vert flytta hit slik at elevane slepp å kryssa hovudvegen. Kringsrensa vart for fleire år sidan flytta nærmare

Hystad skule fordi Hystad skule på eit tidspunkt var full. Det er ikkje lov å ta omsyn til kapasitet når kommunen lagar forskrift om kringsrenser.

Ein kan og tenka seg at Apalvegen og Sævarhagen vert inkludert i Hystad skulekrins. I kart vil ei eventuell endring i kringsrense kunna sjå ut som skissert i følgjande to kartutklipp.



Gjeldande kringsrense i **raudt**; forslag i **blått**



Gjeldande kringsrense i **raudt**; forslag i **blått**

Merk at det då vil vera Hystad skule som får ein auke i elevtal, ikkje Rommetveit skule slik Norconsult har basert elevtalsutviklinga ved enkeltskular på i høve grunnkrinsane som gjeld i dag.

Om den planlagde vegen over Frugardselva på Ådland kjem i framtida, kan og bør ein vurdera kringsrensa mellom Hystad skulekrins og sentrum på nytt. Det vil bli mindre trafikk gjennom sentrum med den nye vegen.

### **Konklusjon**

Kringsrensa mellom Hystad – og Rommetveit skule blir justert meir mot nærskuleprinsippet.

Kringsrensa mellom Tjødnalio – og Sagvåg skule blir justert etter praksis og meir mot midtlinja ved å inkludera Buneset og Smette terrasse i Sagvåg skulekrins.

Ei anna grense enn E39 mellom Langeland - og Tjødnalio skule vil ikkje vera mogleg når kommunen skal følgja nærskuleprinsippet.

Utbygging av bustadfelt i Almås utmark eller ei eventuell endring i skulestruktur i Sagvåg vil føra til bortimot full Tjødnalio skule på sikt slik at det uansett ikkje vert eit alternativ i lengda å ha fleire elevar frå noverande Langeland skulekrins i tillegg.

### **4.3 Vedlikehald og utbetring bygningar**

Stord kommunale eigedom har laga ein plan for vedlikehald av skulebygg<sup>35</sup>. Alle skulane vil trenga kontinuerleg vedlikehald for å ta vare på bygningane me har. Det er sentrumsskulane som treng dette mest og først, men dei andre skulane har og tilhøve som bør utbetrast.

Merk at skuleanlegget ved Litlabø vil ha trong for omfattande utbetring dersom Litlabø skal vera ein av to skular i Sagvågsområdet. Litlabø skule vil trenga både utviding og fornying av inne- og uteareal om få år grunna alder på bygningane. Spesialromma ved skulen er i dårleg forfatning både i høve ventilasjon og manglande rom til faget mat & helse.

---

<sup>35</sup> Vedlegg: Plan for vedlikehald av skulebygg 2019-2028 med tre vedlegg

Bygningsmessig, pedagogisk og skjønsmessig vil det vera berekraftig å halda fram med Tjødnalio og Sagvåg skular dersom ein skal ha to skular, både med tanke på at bygningane er nyare og at det er stort nok areal i høve moglegheit for utviding ved begge desse barneskulane.

### **Konklusjon**

Leirvik skule må utbetrast slik at elevane har tilstrekkeleg og variert læringsareal til å følgja ei til kvar tid gjeldande læreplan og lærarane får gode nok arbeidsforhold. Denne kommunedelplanen kan ikkje seia noko om utbetringa skal vera i form av ombygging av vidaregåande skule på Saghaugen eller utbetring av allereie eksisterande Leirvik skule sidan vedtak om eventuelt kjøp av Saghaugen ikkje er gjort. I samband med budsjettrevisjon 2. tertial er det føreslått at ein må gjennomføra tiltak raskt. Kommunestyret vedtok 22.10.2020 i sak PS 64/2020 følgjande:

*«Kommunestyret løyver 1 mill. kr over investeringsbudsjettet for 2020 til utbering av tilhøva for elevar og tilsette Leirvik skule, jf. saksutgreiinga. Kommunestyret vil fullfinansiera prosjektet over budsjettet for 2021 med til saman 5 mill. kr. Rådmannen får fullmakt til å gjennomføra prosjektet slik det går fram av notat vedlagd saka.»*

Løysinga som no vert føreslått er å setta opp tre stk. modular på skuleplassen, der tre av klassane flyttar ut. Deretter skal ein bygga om tre klasserom i 3. etg. på skulen til arbeidsrom, personalrom, møterom og garderobefasilitetar.

Langeland skule vert utvida i 2021 med ombygging av gymsal til tre klasserom og bygging av ny gymsal.

Det er trong for oppgradering av mat & helse/kjøken ved Litlabø skule for å kunna undervisa etter gjeldande læreplan.

Kontinuerleg vedlikehald må gjennomførast etter oppsett plan slik at kommunen tek godt vare på alle skuleanlegg. Materialval og løysingar skal utformast slik at oppgraderte læringsareal vil vera haldbare og berekraftige.

#### **4.4 Utbetring uteareal**

Elevane kan gjerne involverast meir med tanke på tilrettelegging av aktivitetar ute, og det bør prioriterast varierte leikeområde som fremjar leik og inkludering.

Uteamfi er ein sentral læringsarena i opplæring, samt ein god samlingsstad for elevane i SFO.

### **Konklusjon**

Dei skulane som har for lite uteareal, Langeland og Leirvik skular, må utvidast med tanke på at elevane skal ha varierte læringsarenaer som legg til rette for fysisk aktivitet og varierte arbeidsmåtar. Delar av tomte som Stord kommune har kjøpt tilstøytande Langeland skule sitt uteområde skal opparbeidast til leikeområde/uteareal.

Dei yngste elevane skal i større grad læra gjennom leik, noko som fordrar nok både inne- og uteareal.

Elevane skal oppleva medverknad når det gjeld tilrettelegging av uteareal og leikeapparat.

### **4.5 Skuleveg**

Til grunn for tiltaka ligg ei definert «hjarteson», som i størst mogleg grad skal vera fri for trafikk. Den trafikken som må koma inn i sona må køyra på dei mjuke trafikantane sine premissar.

Basert på synfaringane bør kommunen gjera ei risikovurdering av alle skuleveggar. Alle elevar skal koma seg trygt fram og tilbake til skulen, og ein skal leggja til rette for fysisk aktivitet.

Ei eventuell endring i skulestruktur i Sagvågsområdet vil føra til endra kringsgrenser. Dette inneber ingen vesentleg endring i skysskostnadar.

### **Konklusjon**

Det skal gjerast risikovurderingar av alle skuleveggar i kommunen. Skuleveggar skal vera trafikk sikre og ha god lyssetting. Det skal setjast inn avbøtande tiltak på strekk som er skumle og keisame for elevane. Dette i samband med trafikk sikringsplanen til kommunen.

«Hjartesoner»-prinsippa skal leggjast til grunn for nye og eksisterande skuleanlegg, og det skal definerast ein hjartesoner for kvar skule, med tilhøyrande droppsoner. Det skal kartleggjast kva tiltak som er aktuelle for alle eksisterande skuleanlegg.

Det skal gjennomførast jamlege kartleggingar av kor mange elevar som sykklar eller går til skulen.

#### 4.6 Parkering ved skulane

Trongen for motorisert transport i nærleiken av skulane blir redusert dersom skulane får definerte «hjartesoner», noko som er positivt for klimarekneskapen og trafikk situasjonen rundt skulane.

Leirvik -, Hystad -, Tjødnalio -, Rommetveit – og Litlabø skule treng utbetring av tilkomst og/eller parkeringsområde snarast.

### **Konklusjon**

Skulane skal ha droppsoner der foreldre kan sleppa barna av, slik at barna kan gå trygt fram til skulen på eiga hand. Bilparkering skal skje utanfor hjartesoner. Innan hjartesoner skal fartsgrensa vera låg og ferdsle er på mjuke trafikantar sine premisser.

#### 4.7 Teiknspråksskular

Elevar som ynskjer opplæring etter §2-6 har ikkje rett på nærskulen sin, men det er likevel ikkje naturleg at me gir tilbod til ein elev som til dømes bur i området rundt Hystad skule om slik opplæring i Sagvåg dersom det ikkje er andre elevar med slik opplæring der på det tidspunktet.

Det bør gjennomførast ei akustisk vurdering av skuleanlegg, både i høve høyrslahemma elevar i opplæringa og skulen som nærmiljøanlegg med funksjon som kulturhus.

Dersom alle skulane skal kunna ta imot høyrslahemma elevar, bør alle skulane vera universelt utforma og med tanke på akustikk.

### **Konklusjon**

Det bør delegarast til rådmannen å avgjera kva skule som skal gi tilbod til elevar med teiknspråk som førstespråk (tilbod etter §2-6). Det kan variera kvar behovet kan oppstå.

#### 4.8 Tomter tiltenkt skule

Stord kommune har to tomter med tiltenkt skuleføremål sør i kommunen, i det som vert rekna som område sentrum, høvesvis Heiane og Kåreviksmarkjo. Forstudien – utviding av skulekapasiteten i sentrum seier at

«Skulebruksplanen må vurdere om desse tomtene skal nyttast til skule», og denne forstudien vil vurdere om dei er eigna til skuledrift.»

Tomta på Heiane er i privat eige, medan kommunen eig tomta i Kåreviksmarkjo. Dersom tomta på Hatland skal halda fram som skuletomt, er det påreknleg at kommunen må kjøpa tomta som no er i privat eige. Ein skule med færre enn to parallelar vil ikkje gi effektiv skuledrift, seier Forstudien – utviding av skulekapasiteten i sentrum, og ein ny alternativ Langeland skule vil verta eit svært dyrt alternativ som forstudien ikkje har vurdert nærmare. Tomta i Kåreviksmarkjo er for lita til å reknast som tenleg til etablering av ein ny skule.

Tomtene ligg i randsoner av område sentrum, noko som kan gi utfordringar med ei eventuell effektivisering i framtida.

### **Konklusjon**

Ledige tomter regulert til skuleføremål på Heiane og i Kåreviksmarkjo skal ikkje nyttast til nye skular.

#### 4.9 Retningslinjer for skulestorleik

Tendensen i Noreg går mot færre og større skular<sup>36</sup>. Kva rammer for skulestorleik vil vera mest tenleg for Stord kommune?

Skulestorleik er eit sentralt omgrep når ein planlegg berekraftig grunnskulestruktur i ein kommune. Per i dag er det inga styrt avgrensing nasjonalt i høve skulestorleik. Kommunen kan sjølv avgjera nedre og øvre grense for tal elevar ved skulane på bakgrunn av lokale politiske prioriteringar, basert på ei heilskapleg vurdering av kva som er den beste løysinga for skulane lokalt.

Skuleeigar ynskjer høg kvalitet på opplæring, resultat og læringsmiljø kombinert med best mogleg ressursutnytting og effektivitet. Kartlegginga i kapittel 4 syner at det ikkje er nemneverdig ulikskap i læringsmiljø ved små og store skular. Det kan generelt sjå ut som om læringsutbyte er stabilt betre ved store enn ved små skular. Det er ikkje ein klar samanheng mellom storleik og kvalitet. Læringsmiljøet og indre faktorar i skulane er viktigast.

<sup>36</sup> Utdanningsdirektoratet. Utdanningsspeilet. Fakta om grunnskolen. 2.1 Tal på elevar og skolar. <http://utdanningspeilet.udir.no/2017/innhold/del-2/2-1-tal-pa-elevar-og-skolar/>

Ideelt sett er det ynskjeleg at ein skule ikkje er for liten, mest fordi elevane treng fleire vener i same aldersgruppe å leika med. Ein liten skule kan bli for «trong» sosialt sett, sjølv om små skular sjølvstøtt kan vera dei beste nærmiljøanlegga, på linje med større skular.

I ny overordna del til læreplanen vert det framheva at alle tilsette skal vera del av eit profesjonsfellesskap. Det er ynskjeleg at lærarane har fleire kollegaer å reflektera saman med og drøfta verdigrunnlag og læreplanar i fag med. Det er større spreining i kvalitet ved små enn ved store skular. I utgangspunktet vil det ved små skular vera mogleg for alle vaksne å sjå og følgja opp elevane på ein god måte. Dersom skulen har gode system, vil alle elevane bli sett og følgt opp ved store skular og. Store skular har oftare lærarar med spisskompetanse, samt naturleg nok større fagmiljø. Ved små skular kan det vera vanskeleg å rekruttera lærarar.

Slik skuleanlegga i Stord er utforma og slik skulestrukturen er lagt er det mest tenleg å ha skular med elevtal mellom 100 og 450 elevar dersom det ikkje vert oppretta nye skuleanlegg. Langeland og Leirvik skular vil få eit høgare elevtal etter utviding. Ved å leggja til rette skuleanlegga er det tilrådeleg å ha skular med inntil 600 elevar.

### **Konklusjon**

Ved eventuell framtidig utviding av skular til større einingar – inntil 600 elevar, skal skuleanlegga vera særskilt tilrettelagde.

Det vil og følgja med trong for auka midlar til skuleleiing ved den enkelte skulen når ein skal driva større skuleanlegg.



## Kjelder

Barneombudet. Artikkel 3 - Barnets beste. <https://barneombudet.no/dine-rettigheter/barnekonvensjonen/artikkel-3/artikkel-3-barnets-beste-fulltekst/>

Forskning.no. 10.08.2016. *Derfor gir nedslitte skolebygg dårligere resultat:* <https://forskning.no/2016/08/derfor-gir-nedslitte-skolebygg-darligere-resultat>

Folkehelseoversikta Stord kommune 2016

Folkehelseoversikt Stord 2020-2024

Grunnskolen informasjonssystem (GSI). <https://gsi.udir.no>

Meld. St. 6 (2019-2020) Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-6-20192020/id2677025/?ch=3>

SINTEF Fag. 2018. *Fra universelt utformede bygg til inkluderende områdeutvikling* <file:///C:/Users/37290/Downloads/SINTEF+Fag+50.pdf>

TØI rapport 1413/2015. *Barns aktiviteter og daglige reiser i 2013/14.* <https://www.toi.no/getfile.php?mmfileid=40755>

Utdanningsdirektoratet/Fysisk læringsmiljø. *Barnehage- og skolestruktur.* <http://www.skoleanlegg.utdanningsdirektoratet.no/barnehage-og-skolestruktur>

Utdanningsdirektoratet/Fysisk læringsmiljø. 28.05.2019. *Økt dybdelæring i åpne læringsarealer.* <http://www.skoleanlegg.utdanningsdirektoratet.no/artikkel/349/24/okt-dybdelaring-i-apne-laringsarealer>

Utdanningsdirektoratet. *Regelverk for skolefritidsordningen (SFO).* <https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Leksehjelp/Regelverk-for-skolefritidsordningen-SFO/Innholdet-i-skolefritidsordningen/>

Utdanningsdirektoratet/Fysisk læringsmiljø. *Sambruksordninger for SFO.* <http://www.skoleanlegg.utdanningsdirektoratet.no/artikkel/53/Sambruksordninger-for-SFO>

Utdanningsdirektoratet. 13.12.2018. *Statistikk om grunnskolen 2018/19.* <https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-grunnskole/gsi-notat-grunnskole/>

Utdanningsdirektoratet. 14.06.2016. *Lovtekst om skolestørrelse fjernet.* <http://www.skoleanlegg.utdanningsdirektoratet.no/artikkel/145/Lovtekst-om-skolestorrelse-fjernet>

Utdanningsdirektoratet. 14.12.2017. *Statistikk om grunnskolen 2017-18.* <https://www.udir.no/Analyse-av-GSI--tall>

Utdanningsdirektoratet. 15.03.2012. *Behandlingen av saker om skolenedleggelse og kretsgrenser* Udir-2-2012. <https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Narskole-og-skolekretsgrenser/Udir-2-2012---Behandlingen-av-saker-om-skolenedleggelse-og-kretsgrenser/>

Utdanningsdirektoratet. *Utdanningsspeilet. Fakta om grunnskolen. 2.1 Tal på elevar og skolar.* <http://utdanningsspeilet.udir.no/2017/innhold/del-2/2-1-tal-pa-elevar-og-skolar/>

## Vedlegg

Befolkningsprognoser for Stord kommune (Norconsult)

Brev frå Fylkesmannen i Vestland om kapasitetsvurdering av grunnskular

Planprogram - kommunedelplan for skuleanlegg – skulebruksplan

Forstudie – utviding av skulekapasiteten i sentrum

Kapasitetsanalyse skuleanlegg barnetrinn Stord kommune

Notat frå synfaringar ved Stord kommune sine grunnskuleanlegg

Rettleiande forskrift om kringsgrenser for grunnskulane i Stord kommune

Vedlikehaldsplan for skulebygg 2019-2028 (Stord kommunale eigedom)